


Stavanger bispedømme

Årsrapport 2011



DEN NORSKE KYRKJA

Stavanger bispedømme

1. Innhald

2.	Tilstanden i bispedømmet	4
2.1	2010 – 2011 i perspektiv	4
2.2	Kyrkjelege handlingar og gudstenesteliv i 2011	5
a.	Vigslar	6
b.	Dåp.....	6
c.	Konfirmantar.....	8
d.	Gravferd.....	9
e.	Innmeldingar og utmeldingar	9
f.	Gudstenester	9
g.	Kyrkjelydsarbeid	11
h.	Oppsummering.....	11
2.3	Prestedekning i Stavanger bispedømme.....	12
2.4	Diakonstillingar trengst!	14
2.5	Kyrkjedemokratiet etter to kyrkjeval	15
3.	Rapportering på dei ulike hovudområda	21
3.1	Demokratireforma: Kyrkjevalet i bispedømmet.....	21
a.	Departementet sitt resultatmål.....	21
b.	Rapport ut frå Kyrkjerådet sine spørsmål	21
c.	Våre mål for 2011:	24
3.2	Barn, unge og trusopplæring.....	27
A:	Trusopplæringsreforma	27
B:	Barn og unge - Anna byggande arbeid.....	34
C:	Barn og unge – ungdomsting og ungdomsråd.....	35
3.3	Lokalt forsøks- og utviklingsarbeid	37
A.	Lokalt forsøks- og utviklingsarbeid	37
3.4	Prestetenesta.....	39
	Hovudmål	39
	Lokal tilpassing.....	41
	Kunnskap, dugleik, haldningar og motivasjon	43

Kvinner i prestetenesta	47
Gode arbeidsvilkår	48
Leiing og samvirke.....	51
3.5 Diakoni.....	53
Våre mål for 2011	53
Måloppnåing og vurderingar	53
Endringar i strategiar og tiltak	56
3.6 Kyrkjemusikk og kultur	57
Departementet sitt resultatmål.....	57
Våre mål for 2011:	57
Måloppnåing og vurdering.....	57
Endringar i strategiar og tiltak	60
3.7 Gudstenesteliv.....	61
Departementet sitt resultatmål.....	61
Våre mål for 2011	61
Måloppnåing og vurderingar	61
Endring av strategiar og tiltak.....	69
3.8 Misjon og økumenikk	69
Vårt mål for 2011	69
Måloppnåing og vurderingar	69
Endringar i strategiar og tiltak	72
3.9 Visitat.....	72
Våre mål for 2011	72
Måloppnåing og vurderingar	72
Endring av strategiar og tiltak.....	73
3.10 Medarbeidarskap.....	74
Våre mål for 2011	74
Måloppnåing og vurderingar	75
Endring i strategiar og tiltak.....	75
3.11 Forvaltning og økonomi i bispedømmet	76
4. Tilstandsrapportering - likestilling	86
5. Sluttord: «Det kunne vore verre!».....	88


2. Tilstanden i bispedømmet

2.1 2010 – 2011 i perspektiv

Stavanger bispedømme har bak seg ein særskild aktiv toårsperiode både med omsyn til Stavanger biskop og Stavanger bispedømmeråd sine ansvarsområde:

- ✓ Stavanger bispedømmeråd har i perioden utforma ein samla strategi for perioden 2011-2014. Denne er utforma i nært samarbeid med prostane, som er nokre av bispedømmet sine viktigaste endringsagentar, og som i det daglege skal sørge for at prestane, dei andre tilsette og råda får del i, og eigarskap til den strategien som sameinar oss kyrkje i Rogaland.
- ✓ Stavanger biskop og bispedømmeråd har i perioden utforma ein samla strategi for leiing av, og ordningane for prestetenesta i bispedømme, uttrykt gjennom prestehandboka som ligg på bispedømmet sine nettsider.
- ✓ Prostireformen er i 2011 ført så langt, at ingen prostar ved inngangen til 2012 lenger er sokneprestar. For å få dette til har det vore naudsynt med omdisponering av oppgåver prestane imellom i prostia. I desse omrokkingane har medråderetten vore på plass, og særleg prost, stiftsdirektør og arbeidstakarorganisasjon vore i tett dialog, og stått mest mogeleg saman om gode løysingar til beste for prestane og kyrkjelydane. For å få alle kabalar lagt på plass, er det nytta nokre 2.3.4. midlar som er den viktigaste årsaka til at Stavanger bispedømme i 2011 hadde ein samla lønnsauke på kr.11.000 pr. prest. I desse prosessane har vi og hatt friviljug overgang av prestar frå eit tenestedistrikt til eit anna.
- ✓ Dei samla presteressursane i bispedømme t er gjennomgått. Ein eigen modell for ei best mogeleg fordeling av desse ressursane er utarbeidd, og i breie høyringar har modellen fått brei tilslutnad. Modellen lagt på situasjonen i Stavanger bispedømme, viste at ein måtte omfordela nokre presteressursar. Samstundes vart modellen nytta til å sjå kor ein kunne ta ned presteressurs med godt fire stillingar for å kome i budsjettbalanse og ha tilfredsstillande ressurs til etterutdanning, arbeidsvegleiing og anna personaloppfølging av prestar i teneste.
- ✓ Nedtak av presteressurs har vore ein særskild krevjande prosess. Tett kontakt mellom prost, biskop og stiftsdirektør har vore heilt avgjerande. Prostane har i prostia gjort ein framifrå jobb for å få dette til. Det kunne tidvis vore tettare kontakt mellom dei kyrkjelydane som skulle missa noko presteressurs ved sokneråda.

- ✓ Vi har hatt prosessar gåande i perioden for ein betre inndeling av prostia i bispedømme. Etter vedtak i FAD seinhaustes 2011, blir det frå hausten 2012 9 prosti i bispedømme mot 10 i dag. Vi har endeleg funne ei betre inndeling på prostisituasjonen i Ryfylkeområdet. Dette skuldast at det både i sokna og blant prestane har utvikla seg ei auka forståing av at ei regulering var naudsynt. Ny inndeling har fått nær 100 % oppslutnad i dei ulike høyringsrundane. Stavanger bispedømmeråd har valt å involvere både fellesråda og tenestemannsorganisasjonane i utarbeidinga av reguleringsalternativa. Denne involveringa har vore særst tenleg for prosessen og det endelege resultatet



Nærbø kyrkje har sterk gudstenestedeltaking.

2.2 Kyrkjelege handlingar og gudstenesteliv i 2011

Bispedømmet har samla inn nøkkeltal frå årsstatistikken for 2011 og åra før, når det gjeld gudstenester og kyrkjelege handlingar.

Dei kyrkjelege handlingane har framleis brei oppslutning. Det er likevel urovekkande at oppslutninga om vigsel og dåp ser ut til å svekkast. Særleg eit fall i dåpstala har vidtrekkande følgjer. Nedafor er ein tabell over utviklinga for dåp, konfirmasjon, vigslar og gravferd. Dette vil me sjå nærmare på i årsrapporten.

Kyrkjelege handlingar								
	Snitt 2002-2006	2007	2008	2009	2010	2011	Utvikling 2010-11	Utv %
Dåp	4369	4382	4502	4477	4486	4326	-160	-3,6 %
Vigslar	1118	1178	1124	1087	1069	975	-94	-8,8 %
Konfirmantar	4240	4347	4299	4390	4421	4392	-29	-0,7 %
Gravferd	Ikkje reg.	2803	2753	2763	2881	2823	-58	-2,0 %

a. Vigslar

Den største nedgangen frå 2010 til 2011 skjer i forhold til vigslar. Ein nedgang på 9 % på eit år er dramatisk. Me har ikkje oversikt om det for Stavanger sin del skuldast lågare vigselstal generelt eller at fleire gifter seg borgarleg, i andre trussamfunn eller i utlandet. Dei siste fem åra har det vore nedgang i talet på vigslar.

b. Dåp

Det blei også døypt færre barn i 2011 enn i 2010. Her har tala veksla dei siste åra. Me har undersøkt både dåp i forhold til talet på fødde og dåp i forhold til dei som høyrer til i Den norske kyrkja.

Dåpsprosent i forhold til fødselstalet 2002-2011										
	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003	2002
Stavanger bispedømme	60%	65%	68%	71%	73%	75%	78%	79%	80%	81%

Her ser me ein markert nedgang, frå 81 % døypte i 2002 til 71 % i 2008 og 60 % i 2011.

Det er to faktorar som er viktige for å korrigera dette biletet. Det eine handlar om migrasjon. Både KIFO sin tilstandsrapport for Den norske kyrkja og befolkningsstatistikken viser at det har flytta mange til som ikkje høyrer til i Den norske kyrkja, og at dette er ei viktig forklaring på nedgang i dåpsprosent av fødde.

Det andre handlar om at dåpsstatistikken viser at sjølv om tradisjonen seier at barn skal døypast tidleg, så er det mange som ikkje blir døypte fyrste leveår, men eit år eller to seinare. Av dei som i februar 2012 var registrert døypte i 2011 i medlemsregisteret, var 69 % i sitt fyrste leveår, 27 % i sitt andre og 4 % 2 år og eldre. Det er altså tidlegast 2009-tala som gjev det beste biletet av dåpsprosent av fødde.

Kanskje det viktigaste å fokusera på, er i kva grad dei som høyrer til Den norske kyrkja framleis vel å døypta barna sine. KIFO sin tilstandsrapport viser til ein studie der 64 % av medlemmane i Den norske kyrkja, meiner det er viktig med ein religiøs seremoni ved fødsel,

medan 16 % meiner dette ikkje er viktig. I Stavanger bispedømme har dåpsprosenten blant barn som blir fødde inn i kyrkja utvikla seg slik:


Dåpsprosent av dei som høyrer til i Den norske kyrkja										
	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003	2002
Stavanger bispedømme	60%	82%	87%	86%	87%	87%	90%	90%	92%	92%

Frå 2002 til 2009 har det vore ein nedgang på 5 % i dåpsprosenten innafor kyrkja. Dei låge tala i 2010 og 2011 skuldast sannsynlegvis at mange av desse barna skal døypast eller ikkje er registrert døypte. Me har fått stadfesta at nokre kyrkjelydar heng etter med registreringa.

5 % er ikkje like alvorleg som dåpsprosent av fødde eller dåpsprosent av dei aller yngste kunne tyda på, når dei korrigerande faktorane blir teke omsyn til. Samstundes viser dette at det er viktig for kyrkja å vera merksam på dei nye som kjem til landet og på å følgja opp dei nyfødde og familiane deira. 5 % er ei merkbar endring.

Det er skilnadar i denne utviklinga mellom prostia. Haugesund prosti, Tungenes prosti, Dalane prosti og Nordre Ryfylke prosti har liten eller ingen nedgang. I Haugesund prosti var dåpsprosenten høgare enn han var i 2003. Dette kan reflektere at trusopplæringsreforma, som blei innført her i 2008 i prostiet, kan ha positiv innverknad på dåpsprosenten.

Det er i Stavanger nedgangen er størst, med nesten 10 % i Domprostiet og Ytre Stavanger. Også i Sandnes, Søre Ryfylke og på Karmøy er det merkbar nedgang i døypte av dei som høyrer til i Den norske kyrkja. Det er nærliggjande å tenkja at dåp som tradisjon held seg best i distrikta, men er truga i byane, og det viser denne oversikta. Haugesund er eit interessant unntak.



Biskop Erling J. Pettersen på visitas i Bryne kyrkjelyd

Dåpsprosent av dei som høyrer til i Den norske kyrkja

	2009	2008	2007	2005	2003
Dalane	94 %	91 %	95 %	94 %	96 %
Haugesund	92 %	89 %	87 %	89 %	90 %
Jæren	89 %	89 %	88 %	92 %	93 %
Karmøy	87 %	86 %	86 %	92 %	94 %
Nordre Ryfylke	94 %	91 %	92 %	92 %	96 %
Sandnes	87 %	82 %	86 %	89 %	93 %
Domprostiet	76 %	78 %	79 %	83 %	87 %
Søre Ryfylke	86 %	88 %	91 %	90 %	93 %
Tungenes	91 %	88 %	91 %	93 %	93 %
Ytre Stavanger	80 %	85 %	85 %	88 %	89 %
Stavanger bispedømme	87 %	86 %	87 %	90 %	92 %

Me har også sett på om dåpsprosenten i 2009 heng saman med andre sentrale indikatorar frå den kyrkjelege statistikken. Det er ein svak positiv samanheng (29 %) mellom kor stor del av medlemmane i eit sokn som går jamleg til gudsteneste og dåpsprosenten. Det er også ein svak negativ samanheng mellom medlemstal og dåpsprosent, noko som tyder på at dei større kyrkjelydane slit noko meir med dette. Interessant nok er det dessutan ein svak negativ samanheng mellom dåpsprosent og gravferd, noko som kan tyda på at der fleire eldre blir borte, kan dåpsprosenten synka.

Elles er det ingen statistisk samanheng mellom dåpsprosent og vigslar, konfirmantar, gjennomsnittleg gudstenestedeltaking, total gudstenestedeltaking, medlemstal eller talet på dåp i kyrkjelyden. Ein må altså heller leita i andre forhold enn den konkrete kyrkjelege verksemda for å finna hovudårsakene til nedgang i dåpsprosent. At bispedømmet må setja seg mål om å snu utviklinga, er likevel ein klar konklusjon ut frå det dåpstala visar.

c. Konfirmantar

Det totale talet på konfirmantar heldt seg relativt stabilt. Me har ikkje oversikt over kor stor prosent av årskullet som er konfirmerte, men 91 % av dei som var registrerte som døypte og medlemmar i 2011, blei konfirmerte. Ser ein på konfirmasjonstalet i forhold til dei døypte og

tilhøyrande, er det 85 % som blir konfirmerte. Desse andelane har vore stabile dei tre siste åra, som er dei tala me har tilgang til.

d. Gravferd

KIFO sin tilstandsrapport viser at gravferd i kyrkja framleis har ein sterk posisjon i befolkninga. I Stavanger bispedømmet held talet på gravferder seg stabilt. Me har ikkje hatt tilgang på talet for døde i fylket, og har derfor heller ikkje oversikt over kor stor del av dei døde som er gravlagde i kyrkja.

e. Innmeldingar og utmeldingar

Dei store endringane i medlemstalet i kyrkja skjer ved fødsel, død og flytting, ikkje ved innmelding eller utmelding. Talet på utmeldingar har vore stabilt dei siste åra, med unntak av valåret 2009. Det har blitt nokre fleire innmeldingar. Kyrkjevala i 2009 og 2011 er også sannsynleg årsak til dette.

	2007	2008	2009	2010	2011	Utvikling 2010-11	Utv %
Innmeldte	131	153	184	160	186	26	16,3 %
Utmeldte	698	667	1001	623	652	29	4,7 %

Folkekyrkja står framleis sterkt. Det ser ein på alle område. Det er grunn til å følgja med på dåpstalet. Det er ikkje heilt uventa at dåpen kan svekkast med den samfunnsutviklinga me har, med større religiøst mangfald og ein meir pluralistisk kultur. Samstundes ønskjer kyrkja å vera kyrkje for alle og meiner dåp, konfirmasjon og kristne markeringar ved høgdepunkt i livet er like viktige no som før.

f. Gudstenester

Gudstenesta er kyrkjelydane si hovudsatsing. Det er lenge sidan det har vore så sterk oppslutning om gudstenesta som i 2011.

Gudstenester							
	Snitt 2002-2006	2007	2008	2009	2010	2011	Utvikling 2010-11
Gudstenester	4489	4613	4634	4563	4524	4374	-150
Total gudstenestedelt.	620023	618575	625502	615379	602181	610716	8535
Nattverd gudstenester	1925	2785	2644	2518	2578	2579	1
Nattverd gjestar	131902	163799	153130	150184	151205	161525	10320
Snitt pr. gudstj	138	134	135	135	133	140	7
Snitt gudst pr kyrkjelyd			128	128	126	130	4
Snitt nattverd gjestar	69	59	58	60	59	63	4

I 2009 fekk heile bispedømmet ny gudstenesteforordning. Biskop og bispedømmeadministrasjon gjekk gjennom forordninga for alle sokn, med tanke på samsvar mellom forordning og presteressurs, einskapleg forordningspraksis og ei passende

forordning i høve til storleiken på soknet og til ein viss grad i høve til oppslutning om gudstenester.

Effekten av dette ser me fyrst no i 2011. Det er blitt 150 færre gudstenester i bispedømmet.

Samstundes har den totale gudstenestedeltakinga gått opp, etter to år med nedgang. Spesielt er me glade for ein sterk oppgang både i gjennomsnittleg deltaking per gudsteneste, fordelt på både gudstenester og sokn, og ein klar oppgang i talet på nattverdgjestar totalt og i gjennomsnitt. Så sterk oppgang i gjennomsnittleg deltaking på gudsteneste har me ikkje hatt på denne sida av tusenårsskiftet, og gjennomsnittet pr. gudsteneste er det høgaste til nå.

Sjølv om forordninga er årsak til deler av oppgangen, så viser den gjennomsnittlege oppgangen pr. kyrkjelyd at det er snakk om ei reell oppgang, uavhengig av endringane som skuldast forordninga.

I den delen av årsrapporten som handlar om gudstenestelivet vil me gå nærare inn på samanhengar mellom gudstenester, kyrkjelege handlingar og anna kyrkjelydsarbeid. Her har me gjort fleire interessante observasjonar.



Orre gamle kyrkje på Jæren

g. Kyrkjelydsarbeid

I årsstatistikken rapporterer kyrkjelydane også om mange andre sider ved kyrkjelydsarbeidet. Desse tala har me ikkje systematisert frå 2011, men me har tal frå 2010. Til dømes kan ein sjå at det i kyrkjelydane i bispedømmet var:

- I snitt 9 familiegudstenester pr. kyrkjelyd, med til saman 124000 deltakarar.
- I snitt 3 ungdomsgudstenester pr. kyrkjelyd, med til saman 22451 deltakarar.
- 325 skulegudstenester, med 72685 deltakarar.
- Over 1000 møtepunkt mellom kyrkje og barnehage
- Rundt 1 av 5 kyrkjemedlemmer går i kyrkja på julaftan
- 2711 barn som fekk 4-årsbok og 2368 som fekk utdelt Bibel.
- 1194 barn på dåpsskule
- 1841 deltakarar på babysong
- 10141 registrerte deltakarar på kyrkjelege aktivitetar for ungdom
- 4805 husbesøk
- 156 sorggrupper
- 216 kor med 4634 medlemmar
- Over 100000 deltakarar på konsertar i kyrkja.
- 4832 frivillige medarbeidarar i gudstenester, 2444 frivillige medarbeidarar i diakonalt arbeid og 3752 frivillige medarbeidarar i barne- og ungdomsarbeid.
- 181 misjonsprosjekt
- 49 millionar kroner samla inn ved eigne innsamlingar, kyrkjeofringar og gjevarteneste. 17 millionar av dette gjekk til føremål utanfor kyrkja sjølv.

Kyrkja har altså svært mykje å seia i lokalsamfunna, gjennom arbeid for barn og unge, kulturell verksemd, diakoni, tradisjonelt kyrkjeleg arbeid og engasjement for gode føremål elles.

Ser me på utviklinga i kyrkjelydsarbeidet frå 2009, så viser ho stabilitet i deltakarar på familiegudstenester, ein liten nedgang i talet på deltakarar ved skulegudstenester, meir kontakt med barnehagar i 2010, fleire sorggrupper, større konsertdeltaking, vekst i talet på frivillige, misjonsprosjekt og gåver. Den gjennomgåande trenden er altså positiv.

h. Oppsummering

Samla sett kan ein altså seia at dei kyrkjelege handlingane har noko lågare oppslutning enn tidlegare.. Kyrkjelydane har samstundes styrkt arbeidet både med gudstenester og på andre områder. Med andre ord er kanskje både gruppa av aktive deltakarar i kyrkjeleg arbeid og gruppa som mister tilknytninga til kyrkja i vekst, mens den dominerande og største gruppa framleis er dei som bruker kyrkja ved visse høve, men ikkje i det daglege. Ut frå dette er det naturleg både med vidare satsing på både folkekyrkjeleg verksemd og kyrkjeleg aktivitet lokalt.

2.3 Prestedekning i Stavanger bispedømme

Talet på kyrkjemedlemmar pr. prest er ein sentral resultatindikator når prestedekninga i bispedømmet skal vurderast. Medlemsregisteret for Dnk pr. 1. januar 2011 viser at i Stavanger er det i snitt 3663 medlemmar pr. prest.

	Kirkemedlemmer pr. prest				Prester pr. sokn	
	Antall prester	Kirke-medlemmer	Medlemmer per prest	Endring 2009-2010	Antall sokn	Antall prester pr. sokn
Agder og Telemark	135	343 557	2 543	-2	139	1,0
Bjørgvin	172	489 044	2 848	-63	188	0,9
Borg	145	500 023	3 451	-253	118	1,2
Hamar	120	325 904	2 720	5	165	0,7
Møre	78	219 011	2 797	-123	98	0,8
Nidaros	122	361 532	2 961	136	135	0,9
Nord-Hålogaland	88	196 508	2 222	-11	65	1,4
Oslo	154	468 690	3 045	-121	72	2,1
Stavanger	94	342 504	3 663	168	91	1,0
Sør-Hålogaland	84	204 961	2 449	171	90	0,9
Tunsberg	124	383 743	3 092	-245	114	1,1
Totalt	1316	3 835 477	2 915	-62	1275	1,0

Stavanger fekk 1.8 mill. til styrking av presterressurs for 2011. Det er vi særst takksame for! Dette gav oss ei direkte styrking med 2,4 nye prestestillingar i prioriterte område, særleg i Jæren prosti og Tungenes prosti. Samstundes mått BDR ta ned talet på prestestillingar med 4,05 stillingar for å kome i balanse med prestekapittelet. Slikt nedtak skjedde etter samråd med tenestemannsorganisasjonane, og etter omfattande høyringsrundar i heile bispedømmet. Modellen vi nytta for nedtak og omfordeling av ressursar fekk stor tilslutnad i

høyringane. Difor går vi ut av 2011 med færre prestar i stilling enn åra før. Budsjetttramma set grensene for dette.

Stavanger bispedømmeråd har vist stort ansvar i budsjettforvaltinga; vi ligg i snitt for bispedømme sett i høve til midlar nytta til kompetansetiltak og vi nyttar diverre mindre til arbeidsvegledning enn andre bispedømme. Vi har særst lågt sjukefråvær, og ikkje særlege utgiftar grunna større personalproblem. Løn til faste stillingar og eit minstemål av vikarmidlar utgjer det alt vesentlege av prestekapittelet. Og då syner det seg altså at vi no må klare oss med færre prestar i teneste enn på mange år.

Dette skjer samstundes som talet på kyrkjemedlemmer pr. prest vektst i bispedømmet. I 2011 auka talet på kyrkjemedlemmer pr. prest i Rogaland med 168 personar. Det skuldast i avgrensa grad nedtak av stillingar. Det skuldast primært folketilveksten – og mange av desse er folkekyrkjemedlemmar, som i Rogaland er større enn nokon annan stad i landet.

Fordelinga av presteressursar vert skeivare år om anna, og Stavanger bispedømme si prestedekning blir dårlegare enn nokon annan stad i landet, til tross for budsjettpåslaget i 2011. Det er t.d. ikkje noko rim i at fleire bispedømme med ein folketettleik og geografi som let seg samanlikna med Stavanger bispedømme, skal ha ei prestedekning som ligg 600 medlemmer under den dekninga Stavanger bispedømme slit med. Slik underdekning kan etter alt å døme ikkje utjamnast berre gjennom nye tildelingar. Kanskje må Den norske kyrkja også sjå på eksisterande ressursfordeling bispedømme imellom?



Tre sokneprestar og ein prost på Konvent for prestane i 2011.

Om vi held tida prostane brukar til administrasjon av prostia utanom, og berre reknar saman den direkte menighetspresttenesta prostane utfører og den offentlege prestetenesta vi elles har i bispedømmet, er Stavanger bispedømme sett opp med ei prestedekning på 87,7 stillingar. Den siste oversikten over kyrkjemedlemmar i Dnk i Rogaland er frå 11.2.2011. Delar vi den tilgjengelege presteressursen på desse kyrkjemedlemmane, kjem vi ut med 3.906 medlemmar pr. prest.

I 2011 vaks talet på kyrkjemedlemmer pr. prest i 3 av bispedømme (Stavanger, Sør Hålogaland og Nidaros) medan talet gjekk ned i 6 bispedømme. Folkeveksten – og veksten i kyrkjemedlemmar pr. prest i Rogaland er nå så sterk, at bispedømmet må kunne venta ei betring i situasjonen om statsbudsjettet for 2013 skulle gje Dnk rom for fleire prestestillingar.

2.4 Diakonstillingar trengst!

Soria Moria 2 melder at regjeringa ønskjer å auke ressursane både til preste- og diakonstillingar i inneverande periode. Då står berre 2013 att i denne perioden som eit høve for regjering og storting til å vise at diakonien treng ein slik auke av ressursar.

Tilstandsrapporten for Dnk 2011 viser at det er registrert ca. 120.000 frivillige i ulike oppgåver i kyrkja samla sett i 2010. Mange av desse er engasjerte i ulike diakonale oppgåver. Det er likevel innan dei diakonale oppgåvene av vi diverre ser ein nedgang på ca. 700 frivillige medarbeidarar i Dnk i 2010.

Erfaringane i Stavanger bispedømme er at dei kyrkjelydane som har diakon har gjennomgåande høgare tal frivillige i teneste enn andre. I Stavanger bispedømme er det registrert 2444 frivillige medarbeidarar i diakonale oppgåver i 2010. Talet er nok atskilleg høgare. Talet på diakonistillingar med støtte frå bispedømmet er 14 over kapittel 71.16.. Talet har vore uendra i mange år.

Kyrkjelydar med diakon i Stavanger bispedømme har tatt eit særleg tak med omsyn til å få auka miljøengasjementet i kyrkja. Vidare er samlivsgruppe på plass i desse kyrkjelydane. Eit spekter av sorggrupper vert drive på tvers av kyrkjelydane i Rogaland. Utanom dei sorggruppene som tradisjonelt har vore i kyrkjelydane, har vi no også fått fleire grupper for barn og for utviklingshemma som opplever sorg. Diakonane er heilt sentrale i tilrettelegging av desse gruppene. Det er og utvikla eit nært samarbeid med Raude Krossen om sorggrupper i Stavanger området.

I Stavanger bispedømme er det og slik at fleire diakonar er sentrale medaktørar i åndeleg vegleiing og retreatarbeid.

Samhandlingsreforma vart sett i verk frå sist årsskiftet. Kyrkja i Rogaland har i 2011 arbeid i forståing med fleire kommunar for å bu seg på denne reforma. Kyrkja kan gjennom dei frivillige, prestetenesta og diakonstillingane, bli ein sær viktig ressurs i denne reforma.

Ressursane som ligg i omsorgstenesta i kyrkja og kravet i reforma om profesjonell hjelp frå kommunane også i møte med dei åndelege behova pasientane har, gjer at kyrkja må styrkast med fleire diakonstillingar.



Gyrid Espeland på stand for Kyrkjevalet i Egersund.

2.5 Kyrkjedemokratiet etter to kyrkjeval

I 2008 sette Stortinget i gang prosessen med å overføre meir kyrkjeleg makt til kyrkjelege organ og endra sambandet mellom kyrkje og stat, gjennom stat-kyrkje-forliket.

Det er mange som har sett det som prinsipielt problematisk at eit trussamfunn er ein del av statsforvaltninga. Politisk er det stor semje i Norge om at staten bør vera sekulær og ikkje favorisera einskilde livssyn. Det er stor semje i kyrkja om at det er unaturleg at staten har makt over det som må reknast som indre tilhøve i eit trussamfunn. Stat-kyrkje-forliket er eit uttrykk for tverrpolitisk sameining om desse grunnprinsippa.

På både politisk og kyrkjeleg grunnlag er det derfor naudsynt med endra tilhøve mellom stat og kyrkje. Stavanger bispedømmeråd gler seg over at denne prosessen nå går vidare, med ryddigare tilhøve mellom kyrkje og stat, som står seg betre både ut frå kva ein moderne stat skal vera og ut frå kva Den norske kyrkja er som trussamfunn.

I stat-kyrkje-forliket blir desse endringane sett saman med ei demokratireform i kyrkja. Til dels blir demokratireforma sett som ein føresetnad for endra tilhøve mellom kyrkje og stat.

Viss ein tek den prinsipielle tenkinga om ein sekulær stat og sjølvstyre over indre tilhøve i trussamfunn på alvor, kan det også vera problematisk med detaljerte politiske føringar for styringsformer og valordningar i trussamfunn. I ny kyrkjeordning går det mot at Kyrkjemøtet også får makt over eigne valordningar. Den reelle politiske utviklinga kan tolkast som at det her vil bli ei organisering som står seg betre prinsipielt, politisk og teologisk.



Stavanger bispedømmeråd 2012-2015. F.v.: Terje Fjeldheim, Svein Arne Lindø, Marie Klakegg Grastveit, Tor Soppeland, Gyrid Espeland, Leif Christian Andersen, Berit Espeseth, Svein Helgesen, Silje Barkved, Liv Hjørdis Glette, Erling J. Pettersen.

Når det er sagt, så har det vore ei felles erkjenning av at valdeltakinga i tidlegare kyrkjelege val har vore for låg. Politisk har dette blitt brukt som eit argument for at det meir

representative politiske demokratiet bør halda på noko kyrkjeleg makt inntil det kyrkjelege demokratiet blir meir representativt. Ikkje heilt sjeldan har dette til og med vore eit uttrykk for ein aktiv og bevisst kyrkjepolitikk frå politiske aktørar, konkretisert i politisk profilerte utnemningar av kyrkjeleiarar, noko som igjen har blitt problematisert frå kyrkjeleg side, som inngrep i det som er interne, kyrkjelege omsyn. Frå politisk hald har ein då kunne svart at det er som representant for folkekyrkja at ein har drive med kyrkjepolitikk.

Kyrkjeleg sett handlar styrka demokrati om fungerande valordningar som gjev styringsorgan som er representative i forhold til medlemmane. For kyrkja har det gjennom demokratireforma vore eit mål å gjera vala meir tilgjengelege, involvera og skapa engasjement hjå fleire av medlemmane og finna fram til gode ordningar som gjev representativitet og styrka legitimitet til dei kyrkjelege organa.

Kyrkjevala i 2009 og 2011 har gjeve auka valdeltaking. Grovt rekna er deltakinga tredobla, til rundt 12 %. Dette er samstundes lite samanlikna med dei politiske vala. Kyrkjevala engasjerer nå fleire enn dei mest kyrkjeleg aktive, samstundes som eit fleirtal av kyrkjemedlemmane framleis held seg passive. I 2009 gjennomførte KIFO undersøkingar som viste at bakgrunnen for dette ofte var eit bevisst val om å overlata kyrkjelege spørsmål til dei mest kyrkjeleg engasjerte. Manglande interesse var også ei viktig årsak. Ei sjeldnare representert forklaring, men kanskje viktigare for evalueringa, var vanskar med å forstå ordningane eller finna god informasjon om kandidatane.

Kyrkjevala er både person- og saksval. Det er val av personar til tillitsverv. I dei politiske vala er det partia sjølv som legg føringar for kven som skal representera dei ulike programma. Veljarane får kjennskap til nokre få, profilerte kandidatar og til kjernesaker frå programma. Gjennom nominasjonsprosessen og valordningane er det partia som sit med den reelle makta når det gjeld utval av personar, både ved stortingsval og lokalval.

Dette blir vanskelegare i kyrkja. Her er det ein felles nominasjonskomité, valt av «vinnarane» frå førre soknerådval, som peikar ut kandidatar og styrer kandidatpresentasjonen. Undersøkingar har vist at desse komiteane i liten grad legg kyrkjepolitiske føringar i sine val, sjølv om ein ikkje kan utelukka dette. Det kan vera utfordring nok å finna kandidatar. Men veljarane blir stilt overfor mange kandidatar som dei ikkje kjenner frå før, og dei får marginal medieomtale og informasjon med svært vekslende klarheit og djupt å basera seg på i utvalet av kandidatar. Det er derfor ikkje så merkeleg at mange seier det er vanskeleg å velja. Det krev større engasjement og større eigeninnsats å gjera kvalifiserte val ved kyrkjevalet enn ved dei offentlege vala.



Stavanger bispedømmekontor flytta i februar 2012 inn i Statens hus i Stavanger.

Ved dei offentlege vala er det dessutan fleire saker som mobiliserer, og som trekk veljarar til å engasjera seg i vala. I kyrkja går det an å hevda at det fyrst og framst er teologisk usemje om einskilde samlivsetiske spørsmål og ordningar som har vore dei fokuserte skiljelinjene. Usemje om tilhøvet mellom stat og kyrkje har også vore framme. Her har saksfeltet til dels vore avgjort i Stortinget, mens den kyrkjelege prosessen har vore prega av store og

kompliserte utgreingar, som ved vala ikkje har vore fullførte. Denne saka har derfor ikkje mobilisert i større grad.

Ved val til bispedømmeråd og kyrkjemøte har det vore mogleg å gjera kvalifiserte val ut frå preferansar i samlivsetikken. Ved soknerådsva er det framleis for tynn, tilfeldig og uklar kandidatinformasjon for dei veljarane som ønskjer å stemma ut frå dette. Dette kan skuldast eit motvilje blant mange kandidatar om å profilera seg og ei relativt utbredt haldning at ein til trass for usemje på dette området bør satsa på det som er felles kyrkjelege mål. Systema for kandidatinformasjon på soknenivå har lagt opp til knapp informasjon, som kandidatane sjølv styrer.

I den offentlege debatten om kyrkjeval har det vore meir fokus på kyrkjevalet som fenomen, på organiseringa av kyrkjevalet og på sjølve valordningane enn på kandidatane. Det same gjeld merksemda etter valet, der fokus blei retta mot det store talet på forkasta stemmer i val av bispedømmeråd og kyrkjemøte.

Eit dominerande fleirtal av desse stemmene var blanke. Dei blei altså ikkje forkasta ut frå gal utfylling av stemmesetelen, men på grunn av at veljaren ikkje hadde oppgitt nokon preferanse, altså ei meining om kven som skulle veljast.

I og for seg er det ikkje så problematisk at dei som seier dei ikkje har meiningar om kven som skal veljast, ikkje får noko å seia på valresultatet. Det kravdest ikkje meir enn å preferera éin kandidat for at ei stemme skulle bli godkjent. Valrådet i Stavanger bispedømme har derfor uttrykt at tolkinga av dei forkasta stemmene bør nyanserast. Bak dei blanke stemmene ligg det vanskar med både kandidatinformasjon og valordninga, men som ved andre val kan ein anta at mange av dei som har stemt blankt gjev uttrykk for eit generelt engasjement og ønske om deltaking, men for nøytralitet eller tvil i valet av kandidatar.

Når det er sagt, så er det klart vist ved dei to forsøksvala at preferanseval blir oppfatta som ei vanskeleg ordning, dels fordi ho er ny, dels fordi det er vanskeleg å forstå korleis resultatet blir talt, dels fordi røystesetelen har vore framand, dels fordi ordninga ikkje fungerer utan at veljarane har sett seg inn i ei viss mengd informasjon på førehand.

At noko er nytt er ikkje i seg sjølv eit problem. Det er eit problem som vil endra seg med tida. Det er heller ikkje naudsynt for alle veljarar å forstå valmatematikk, så lenge den er prinsipielt forståeleg og forsvarleg. Det er informasjonen som er det største problemet. Kyrkjevala har kravd at veljarane må oppsøkje informasjon eller at media må visa interesse for dei einskilde kandidatane og at kandidatane har vore tydelege i det som har vore fokuserte, kontroversielle spørsmål. Ingen av desse vilkåra er fullt oppfylte, og derfor har vala heller ikkje fungert heilt etter intensjonane.

Det tiltaket som sannsynlegvis hadde hatt størst effekt for å bøta på dette, er fyldigare informasjon om kandidatar og valt, direkte sendt til alle veljarane. Det har Kyrkjerådet bedt om i budsjettforslaga til begge Kyrkjeval, utan at denne posten er innvilga. Valrådet i Stavanger bispedømme har kommentert at dette også er ein viktig, men lite fokusert årsak til at ein kritisk suksessfaktor, informasjon til veljarane, ikkje har fungert ved dei to kyrkjevala.

Deltakinga ved kyrkjevala har likevel auka. Valordningane har vore opne, slik at alle kyrkjemedlemmar som har ønska det, har kunna ta del i vala. Problem med ordninga for soknerådsvalet blei oppdaga i 2009 og endra i 2011. Veljarane har kjent til at det er kyrkjeval. Med dei føresetnadane ein har hatt av ressursar, personell og ordningar, har kyrkja satsa på å utvikla demokratiet.

Situasjonen etter forsøka i 2009 og 2011 er at både politikarar og kyrkje har stadfesta viljen til plassera kyrkjeleg makt i kyrkjelege organ og at ein har starta arbeidet med å finna fungerande valordningar i kyrkja.

Det er uheldig at ein ikkje har komme heilt i mål med det siste. Det skapar eit ope og litt uoversiktleg landskap når kyrkja skal finna framtidige valordningar. Det krev store ressursar å avvikla val for så mange medlemmar som kyrkja har. Det er utfordrande å nå ut med informasjon om tidlegare ukjende kandidatar. Personval er vanskelegare enn saksval, med eit stort tal på veljarar. Mange i kyrkja kjenner seg ikkje igjen i skiljelinjer basert på einskildsaker. Val av valordning er krevjande og krev kunnskap om dei politiske og praktiske følgjene av ulike valordningar. Det gjev eit anna utgangspunkt når det er den kyrkjelege administrasjonen som er primær valarrangør i praksis, medan kandidatane er frivillige utan politisk støtteapparat, som ofte meir har som utgangspunkt at dei stiller seg til disposisjon enn at dei kjempar for eige kandidatur.

Desse problema er likevel fyrst og framst utfordringar med å organisera demokratiet. Viljen og ønsket om å finna inkluderande og gode ordningar er solid stadfesta gjennom dei tre åra med demokratireform. Det same gjeld målet om ei kyrkje med sjølvstyre over eigne mål og verksemd. I ny kyrkjeordning må ein derfor arbeida godt vidare med ordningar for val, men innafor rammer som samsvarer med moderne forståing av kva som er staten si rolle og kyrkja si rolle i trus- og livssynspolitik i eit pluralistisk samfunn.

3. Rapportering på dei ulike hovudområda

3.1 Demokratireforma: Kyrkjevalet i bispedømmet

a. Departementet sitt resultatmål

Målformulering	Kirkerådet og bispedømmerådene skal tilrettelegge for at demokratireformen gjennomføres i Den norske kirke, jf. kirkevalgene i 2011. Målet for demokratireformen er at kirkens organer får en sterkere demokratisk legitimitet blant kirkemedlemmene.
Styringsparameter	Etablering av reelle valgmuligheter. Kirkevalg samtidig med offentlige valg. Økt bruk av direkte valg. Forsøk med ulike valgordninger til bispedømmeråd/Kirkemøte.
Resultatindikatorar	Det er lagt til Kirkerådet å fastsette rapporteringskrav og –rutinar, resultatindikatorer m.v., slik at informasjons-, data- og dokumentasjonsgrunnlaget for en forskningsbasert evaluering av kirkevalgene er tilfredsstillende.

b. Rapport ut frå Kyrkjerådet sine spørsmål

Kyrkjerådet har bedt bispedømmet rapportera på følgjande område i årsrapporten.

- Førebuingssfasen: Kva tiltak blei iverksette og kva effekt hadde dei?
- Informasjon: Kva tiltak blei iverksette og kva effekt hadde dei?
- Oppteljing (registrering av stemmer) av bispedømmerådsvalet; gjennomføring i forhold til opplæring og ressursar
- Erfaringar frå kurs og opplæring; i forkant av valet overfor lokale valteam og valfunksjonærar og i etterkant av valet for nyvalde sokneråd.
- Vurderingar i etterkant av valet; ein samla og generell tilbakemelding.

Den samla tilbakemeldinga har me sett i innleiinga over. Kurs ser me saman med førebuingsfasen.

Førebuingsfasen, inkludert kurs

Tiltak 1: Valkurs

Bispedømmet gjennomførte to kurs, eit i nordfylket og eit i sørfylket. Det var god deltaking og gode tilbakemeldingar på kursa.

Tiltak 2: Støtte til nominasjonskomitear

Bispedømmeadministrasjonen fungerte som sekretariat for nominasjonskomitéane og hjalp til med opplæring og praktisk tilrettelegging.

Tiltak 3: Støtte til lokalt valarbeid

Gjennom heile valperioden har bispedømmet svart på spørsmål frå lokale kyrkjelydar. Det har vore ein jamn strøm av spørsmål.

Tiltak 4: Aktiv oppfølging av kyrkjelydane gjennom regelmessig informasjon

Bispedømmet sende ut informasjon og ressursmaterieil til kyrkjelydane i eit «valnytt» på e-post som kom med 1-2 veker mellomrom. På denne måten fekk me minna alle kyrkjelydar om viktige fristar og gjeve dei lettare veg til å bruka ressursar på www.kyrkjevalet.no.

Tiltak 5: Kurs for kandidatar

I juni hadde me kurs for dei leke kandidatane til bispedømmeråd og kyrkjemøte. Kurset gav kunnskap om vervet og innspel til korleis kandidatane kunne opptre for å gjera seg kjende i valet.

Tiltak 6: Kurs for valfunksjonærar

Har i bispedømmet skjedd lokalt, ofte i regi av fellesråd og kyrkjeverjer.

Me ser at regional krusing kunne vore ønskeleg, men fann ikkje tid eller pengar til dette i budsjettet for dette året.

Informasjon

Tiltak 1: Informasjon til media

Bispedømmet hadde ikkje kapasitet til å følgja opp alle lokalaviser med aktiv informasjon. Me fekk merksemd i dei store regionale media.

Kyrkjevalet får likevel ikkje stor nok plass i media til å dekke veljarane sitt behov for informasjon og motivasjon. Det er ikkje truleg at meir aktivt mediarbeid vil hjelpa på dette.

Tiltak 2: Informasjon i kyrkjelydsblad.

Bispedømmet utarbeida 4 sider med informasjon om bispedømmerådskandidatane til bruk for kyrkjelydsblada. Ikkje alle kyrkjelydar har kyrkjelydsblad og ikkje absolutt alle kom ut til passande tid, men dei fleste kyrkjelydar og kyrkjelydsblad fekk informasjon på denne måten.

Også her blir informasjonen relativt kort, fordelt på såpass mange kandidatar.

Tiltak 3: Hefte med fyldig kandidatinformasjon

Bispedømmet utarbeida eit hefte med ei side med informasjon om kvar kandidat, ut frå spørsmål nominasjonskomitéen hadde valt ut. Det blei trykt opp og sendt alle kyrkjelydar, i til saman 10000 eksemplar.

Heftet når nokon av dei mest interesserte, gjennom kyrkjelydane, men me har ikkje hatt økonomi til å nå alle eller senda til alle. Mange veljarar manglar også interesse for å lesa såpass mykje om kvar kandidat.

Tiltak 4: Informasjon på www.kirken.no/stavanger

Ved dette valet låg meir informasjon på www.kyrkjevalet.no. Noko blei lagt på vår eiga side, men me prøvde som hovudstrategi å visa til den nasjonale sida, der det også var mykje lokal informasjon.

Tiltak 5: Val-stand

På tre stader i bispedømmet sto Kyrkjevalet på stand og delte ut informasjon. Alle bispedømmerådskandidatar som ville vera med kunne stille eller ønska seg stand til sin heim plass, tre stilte.

Me fekk lita merksemd i media gjennom dette, men møtte nokre veljarar.

Tiltak 6: Facebook

Me oppretta ei eiga Facebook-side for valet i bispedømmet, men fekk få følgjarar. Nokre av kandidatane laga også eigne sider, utan å få stort gjennomslag.

Oppteljing

Staben ved bispedømmekontoret sette av tre dagar til oppteljinga. Me måtte leiga inn fleire folk, arbeida overtid og bruka av laurdagen for å komma i mål. Me hadde sett av tid i følge dei prognosane me hadde fått, men såg at teljinga var meir krevjande enn me hadde trudd, mellom anna sidan mange veljarar hadde brukt sjansen til å fylla ut stemmesetelen med detaljerte og individuelle val. Det var prinsipielt gledeleg og praktisk krevjande.

c. Våre mål for 2011:

Bispedømmet sine mål for arbeidet med kyrkjevalet i 2011 hadde same intensjon som departementet sitt hovudmål, var konkretisert i ulike delmål.

Vi hadde følgjande delmål:

- ei valdeltaking på 14 % av dei røysteføre medlemmane.
- Ingen formelle feil ved valarbeidet og valavviklinga
- ei handterleg mengd med spørsmål til valadministrasjonen
- god pressedekning av valet
- tydeleg kandidatinformasjon
- godt tilfang av kandidatforslag til nominasjonskomitéane.
- ein oppteljingsprosess som gjer det mogleg å publisera av resultatet innan dei nasjonalt fastsette fristane.
- balanse i økonomien for valarbeidet
- skapa godt medvit om valet i sokna
- ei valdeltaking på 14 % av dei røysteføre medlemmane.

Måloppnåing og vurderingar

Delmål: Ei valdeltaking på 14 % av dei røysteføre medlemmane

Målet er ikkje nådd.

Valdeltakinga ved bispedømmerådsvalet i Stavanger bispedømme var på 11,5 % og deltakinga ved soknerådsvalet var på 13.1 %.

Ein ville å setja målet høgre enn deltakinga ved sist val. Ein var usikker på i kva retning deltakinga ville gå. Rammevilkåra for valdeltaking var relativt like som i 2009, både når det gjaldt interesse hjå veljararane, ordningar og informasjon. Resultatet endte også nær resultatet i 2009, men forsiktig opp.

I risikovurderinga peika vi på god kandidatinformasjon i media som ein kritisk suksessfaktor, med svært høg risiko og alvorlege konsekvensar. Så lenge kyrkja sjølv ikkje har kapasitet til å senda utfyllande kandidatinformasjon direkte til veljarane, må ein satsa på anna informasjonsarbeid. Slik ein kan venta, er det ikkje nok interesse i media for kandidatane til at dette når breitt nok ut.

Me har og kommentert at enkle ordningar for røysting er nødvendig for valdeltaking og val. Også i 2011 blei stemmesetelen opplevd for komplisert, både fordi systemet var nytt og fordi det er mange kandidatar å velja mellom.

Delmål: Ingen formelle feil ved valarbeidet og valavviklinga.

Målet er nådd.

Det kom to klager på soknerådsvalet. Ingen av klagen kunne takast til følgje, men eit sokn fekk melding om ryddigare organisering av førehandsstemming på ungdomsarrangement.

Me vurderte risikoen for feil i lokalt valarbeid som låg. Erfaringane viste at gjennomføringa lokalt er forsvarleg. Kyrkjeval er ei prioritert oppgåve som blir grunnleggjande kompetent utført i sokna.

Delmål: Tydeleg kandidatinformasjon

Målet er delvis nådd.

For kandidatane til bispedømmerådsvalet låg det føre tydeleg informasjon om kandidatane sine synspunkt i alle aktuelle og kontroversielle saker.

Målet er ikkje nådd for den informasjonen som ikkje er styrt frå Kyrkerådet eller bispedømmerådet: Informasjonen i sokna. Her er det framleis ikkje mogleg å setja seg godt inn i kandidatane sine synspunkt i fokuserte og kontroversielle spørsmål. Det vil det heller ikkje bli med mindre ein legg opp til strukturar som krev dette. Frå eit demokrati-synspunkt vil det vera ønskeleg, men ut frå omsynet til kandidatane sine ønske og lokalkyrkja sine egne ønske om korleis dei vil profilera seg, kan det likevel vera problematisk.



Geir Skårland, rådgjevar for kyrkjeval, sit med hovudet fullt av stemmeregreringar.

Delmål: God tilgang på kandidatar

Målet er delvis nådd.

Det kom inn forslag på 33 leke kandidatar til nominasjonskomitéen, mot 50 sist. Forslaga var på personar med gode kvalifikasjonar i erfaring og bakgrunn for viktige tillitsverv. Den gruppa som var dårlegast representert, var kvinner mellom 31-50 år.

Det kom inn forslag på 6 lek kyrkjeleg tilsette og svært mange forslag på 1 prest, som no sit i bispedømmerådet. Prestane klarte å rekruttera fire nye kandidatar gjennom komitéen.

Blant prestane sine kandidatar var det ingen som hadde ønske å opna for vigsel av par med same kjønn. Representativitet i alle fokuserte saker fekk ein dermed ikkje. Også den lista den nominasjonskomitéen for lek kyrkjeleg tilsette sette opp, kunne ha spegla ein breiare representativitet med omsyn til mangfald i fokuserte saker.

Det er vanskeleg å få tilsette til å stilla til bispedømmeråd. Mange meiner det ikkje er rom for eit såpass stort verv i ein hektisk kvardag, og har lita tru på at arbeidsgjevar vil klara å leggja til rette for at ein kan utøva tillitsvervet utan at det går ut over arbeid eller fritid elles. Det er framleis lågt engasjement for kyrkjevalet i nominasjonsfasen.

Delmål: Vellukka oppteljingsprosess.

Målet er nådd.

Stemmene blei talte og resultatet blei klart innan fristen.

Endringar i strategiar og tiltak

Det er usikkert korleis valordninga blir ved neste kyrkjeval. Valordningane vil bli viktige for det framtidige kyrkjedemokratiet.

Viss ein skal gjennomføra val i same store skala, bør ein ut frå erfaringane i 2009 og 2011 vera realistiske i høve til kva informasjon om kandidatane ein kan nå fram med gjennom media. Ved direkte val er det behov for å senda ut meir informasjon om kandidatane rett til veljarane, sjølv om dette kostar.

Val til bispedømmeråd og Kyrkjemøte eignar seg for elektronisk val meir enn for val på papir. Elektronisk val vil kunne eliminera problema ein har hatt med forkasta stemmer og spara ein stor jobb med oppteljing. Det er mogleg å laga til elektronisk val i vallokale. Stemming på papir kan vera mogleg som ei sideordning.

3.2 Barn, unge og trosopplæring

A: Trosopplæringsreforma

Departementet sitt resultatmål:

Resultatmål	”Videreføring av trosopplæringsreforma i samsvar med de retningslinjer og forutsetninger som gjelder for reforma, jf St. meld. nr 7 (2002-2003) ”Trosopplæring i ei ny tid” og Innst. S. nr 200 (2003-2003). Målet er et systematisk og sammenhengende tilbud om trosopplæring for alle døpte fram til fylte 18 år. Tilbudet skal være lokalt forankret, tilpasset ulike alderstrinn og tilrettelagt slik at det når ut til bredden av alle døpte.” (frå FAD)
Styringsparameter	Utbredelsen av trosopplæringsreforma.
	Omfanget av opplæringstilbud i menighetene
	Oppslutningen om opplæringstilbudet
Resultatindikatorar	Andel menigheter som er tilført trosopplæringsmidler i 2011
	Gjennomsnittleg antall timer opplæringstilbud i menigheter som er i gjennomføringsfasen
	Gjennomsnittleg deltakerandel ved et utval trosopplæringstilbud i de menigheter som er i gjennomføringsfasen

Våre mål for 2011:

Vi skal vidareføre trosopplæringsreforma og gjennom dette arbeide for eit systematisk og samanhengande tilbod om trosopplæring for alle døpte i alderen 0-18 år.

Vi hadde følgjande delmål:

- Innføring av nytt prosti i trosopplæringsreforma
- Godkjenning av lokale planar for trosopplæring
- Innføring av ny plan for trosopplæring
- Oppfølging av sokn i trosopplæringsreforma
- Fag- og kompetanseutvikling
- Sikre at tilbod om trosopplæring også inkluderer menneske med utviklingshemming
- Vidareutvikling av konfirmantarbeidet

Måloppnåing og vurdering

Sjølvstendige indikatorar

Talet på sokn som er tilført trusopplæringsmidlar i 2011

er ein av indikatorane på om Stavanger bispedømme klarer å vidareføre trusopplæringsreforma. I 2011 fekk 46 av 91 sokn i Stavanger bispedømme tilført midlar for å gjennomføre trusopplæringsreforma for alle døypte i aldersgruppa 0 - 18 år. Av desse er 36 sokn i gjennomføringsfasen, mens 10 sokn er i mellomfasen.

Åtte av sokna i gjennomføringsfasen høyrer til i Ytre Stavanger prosti som blei innført i trusopplæringsreforma i 2011. Frå før er sokna i Haugesund prosti (2008), Sandnes prosti (2009) og Tungenes prosti (2010) innførte i reforma.

Alle prostia som er tilført midlar til trusopplæring er godt i gang med trusopplæringsarbeidet.

Tempo på opptrapping av reforma

Dei prostia som har fått tildelt trusopplæringsmidlar har fått mulegheit til å trappe opp og utvikle trusopplæringa i sine sokn. På den andre sida opplever vi ei tydeleg utålmodigheit frå dei prostia som ikkje er blitt tilført midlar til trusopplæring.

Det vi erfarer er at gapet mellom dei som har fått tilført midlar og dei som ikkje har fått, kjennest aukande. Særleg fordi tempoet på opptrappinga er lav og dreg ut i tid. Mange sokn melder til oss at dei opplever seg som A-lag og B-lag i trusopplæringa. Stavanger bispedømmeråd vil derfor understreke at det er viktig at reforma held fram med nye friske midlar i 2012. Då kan gapet mellom dei som har fått og dei som ikkje har fått jamnast ut, og det kan bli ei meir likeverdig og rettferdig fordeling til alle døypte barn og unge.

Gjennomsnittleg timetal på opplæringsstilbod i sokn som er i gjennomføringsfasen

er ein indikator på om det i Stavanger bispedømme er opparbeida eit tilbod om trusopplæring som relaterer seg til den nasjonale norma for timetal.

Sokna som er i gjennomføringsfasen har i 2011 gitt tilbod om gjennomsnittleg 239 timar trusopplæring, noko som er 40 timar meir enn landsgjennomsnittet. Sokna er framleis i ei oppbyggingsfase av trusopplæringsreforma, det vil framleis gå nokre år før alle tiltaka kyrkjelydane har lagt inn i sine lokale planar vil vere sett ut i livet. Målet for 2011 reknar vi derfor som oppnådd. Om ein samanliknar 239 timar med det talet som var Stavanger bispedømme sitt tal for 2010 - 318 timar, ser vi ein sterk nedgang.



Årsaka til dette er i hovudsak at biskopen i samband med godkjenning av planar var tydeleg på at dei timane som skulle telle i den systematiske og samanhengande planen skulle vere tiltak som har eit potensiale til å nå breidda av alle dei døypte. Fleire av sokna flytta då nokre av tiltaka sine frå den øvre delen av planen til under «Andre tilbod til barn og ungdom i regi av menigheten og/eller barne- og ungdomsorganisasjonar». Det er grunn til å tru at timane kyrkjelydane no skriv i planane sine verkeleg når breidda av alle døypte, eller har eit potensiale i seg til å nå breidda når dei etter kvart blir innarbeidde.

Denne guten er på trusopplæringsarrangement i Sandnes.

Gjennomsnittleg deltaking ved eit utval trusopplæringsstilbod i de kyrkjelydane som er gjennomføringsfasen

seier noko om kor mange barn og unge som deltek i trusopplæringa, og om ein når breidda av dei med trusopplæring.

I gjennomsnitt deltek 58 % av målgruppa på eit utval av representative trusopplæringstilbod i sokna i gjennomføringsfasen. Den gjennomsnittlege deltakinga i kvar enkelt av dei utvalde trusopplæringstilboda er som følgjer:

Alder	Tiltak	Gjennomsnittleg oppslutning
0 år	Samtale før dåp	92 %
4 år	Utdeling av bok	55 %
6 år*	Eit tidsavgrensa breiddetiltak for 6-åringar	33 %
Ca. 11 år	Lys Vaken	33 %
15 år	Konfirmasjon	89 %
16 år	Breiddetiltak året etter konfirmasjon	12 %

Når ein ser nærare på dei sju tiltaka som det er rekna gjennomsnittleg oppmøte på, ser ein at dei tradisjonelle tiltaka dåpssamtalen 92 %, 4 års boka 55 % og konfirmasjon 89 % har den klart høgaste oppslutning, medan dei nyare nye tiltaka dåpsskule 6 år 33 %, Tårnagent 26 % og Lys Våken 33 % har ei noko lågare oppslutning. Dette stemmer også godt overeins med det KIFO skriv i kapittel 6 i sin «Tilstandsrapport for Den norske kirke 2011».

Hovudintrykket er at det er brei oppslutning om trusopplæringstilboda i sokna i bispedømmet.

Oppslutninga om breiddetiltak åra etter konfirmasjon har lågast oppslutning, men her er talgrunnet svært tynt. Berre 3 sokn har i 2011 rapportert eit tiltak for denne aldersgruppa. Fleire av kyrkjelydane seier at dei ikkje rapporterer på dei tiltaka dei har for ungdom fordi dei ser at breidda av ungdom ikkje deltek. Dette samsvarer med dei erfaringane som har vore gjort i forsøks- og utviklingsfasen av trusopplæringsreforma. Her vil det på sikt vere nødvendig å ta nye grep for å utvikle tiltak som har potensiale til å nå alle døypte ungdomar 15-18 år. For å hjelpe sokna vidare med denne utfordringa har Stavanger bispedømme blant anna under mearbeidardagen løfta fram «konf - reunion» som eit tiltak fleire bør satse på.

Bispedømmerådet gjennomfører årsrapportsamtale med kontaktperson i alle sokna. I samband med dette oppdagar vi at talmaterialet frå sokna ikkje alltid er godt nok kvalitetssikra. Vi tek derfor atterhald om at det kan være feilmargin i tala.

Delmål: Innføring av nytt prosti i trusopplæringsreforma.

Målet er nådd

I 2011 vart Ytre Stavanger prosti fasa inn i trusopplæringsreforma i Stavanger bispedømme. Prosessen med ulike samlingar for tilsette og ulønna medarbeidarar blei gjennomført etter den framdriftsplanen som var sett opp for innføringa. Tildeling av midlar blei tilført fellesrådet for vidare fordeling til sokna.

I risikobiletet vi utarbeidde i årsplanen var ein av dei kritiske suksessfaktorane at vi måtte klare å skape eit godt samarbeid med kyrkjelydar, kyrkjeverjer og prostar som er i trusopplæringsreforma. Vi har utarbeida gode rutinar for kommunikasjonen med alle dei involverte partar og ser at det gir resultat i eit konstruktivt og godt samarbeid omkring trusopplæring.

Delmål: Godkjenning av lokale planar

Målet er delvis nådd.

Alle sokna i Haugesund prosti har levert inn sin lokale plan for trusopplæring, og fått denne godkjend av biskopen. I Sandnes prosti har 6 av dei 9 sokna levert inn sin lokale plan, og fått denne godkjend. Dei tre siste sokna har fått utsett frist til 1.april 2012 for å levera inn sin plan for endeleg godkjenning. Årsaka til dette er at dei trong noko meir tid for å fullføre planen i tråd med dei krava ein har for godkjenning av lokal plan for trusopplæring.

Delmål: Innføring av ny plan for trusopplæring

Målet er nådd

I 2011 arrangerte bispedømmerådet ulike kurs om plan for trusopplæring for sokna. Dette gjorde ein for å sikre at arbeidet med innføring av ny plan går framover, og for å sikre kvaliteten i dei lokale planane som sokna skal utarbeide. Desse kursa blei gjennomførde på ein tilfredsstillande måte og med gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

Delmål: Oppfølging av sokna

Målet er nådd.

Bispedømmerådet har hatt oppfylging av alle sokn som er i gjennomførings- og mellomfasen av trusopplæringsreforma. Dette har ein gjort gjennom blant anna årsrapportering, samtalar og ei medarbeidarsamling.

Delmål: Fag- og kompetanseutvikling

Målet er nådd.

Stavanger bispedømmeråd legg stor vekt på utvikling av kompetanse for å sikre kvaliteten i trusopplæringa. Gjennom Forum for trusopplæring (der over 120 tilsette deltok), og gjennom prostivise samlingar og samlingar for yrkesgruppene, har ein arbeidd for å heve kompetansen til tilsette og ulønna medarbeidarar i 2011.

Delmål: Sikre at tilbod om trosopplæring også inkluderer menneske med utviklingshemming

Målet er delvis nådd.

Det er gitt rettleiing til lønna og ulønna medarbeidarar som arbeider med inkludering av menneske med utviklingshemming. Det er også arrangert samlingar for menneske med utviklingshemming. Grunna manglande bemanning har ein ikkje klart å nå heile bispedømmet med dette arbeidet.

Delmål: Vidareutvikling av konfirmantarbeidet

Målet er ikkje nådd

Ein har ikkje klart å kome vidare med planlegginga av eit regionalt arrangement for konfirmantarbeidet.

Omtale av tiltak som er gjennomført for å påverka resultatet

Arbeidet med innføring av trusopplæringsreforma har i 2011 hatt desse tiltaka (jf. delmåla frå årsplanen):

Innføring av nytt prosti i reforma for trusopplæring:

- a. *Samrådsmøte:* Bispedømmerådet, kyrkjeverjene og prosten i prostiet møttes to gonger for å drøfte prosessen, samarbeidsmulegheiter og fordelinga av midla.
- b. *Drøftingsmøte:* Leiarane i sokneråda, daglege leiarar, undervisningsansvarlege, sokneprestar, kyrkjeverjer og prost var på drøftingsmøte. Bispedømmerådet informerte kyrkjelydane om prosessen og kriteria for fordeling, og kvar av sokna gav innspel til fordelinga av trusopplæringsmidlar.
- c. *Framdriftsplanar og budsjettering:* Alle tildelingseiningar sende inn framdriftsplanar og budsjett for arbeidet med trusopplæring i 2011.
- d. *Innføringskurs:* Bispedømmerådet arrangerte fem innføringskveldar for lønna og ulønna medarbeidarar for å gje kyrkjelydane kunnskap og eigarskap til reforma. Det blei arrangert eit tverrfagleg kurs på dagtid for alle stabane i prostiet, om korleis leie prosessane med å utvikle ein lokal plan for trusopplæring. Til sist arrangerte bispedømmerådet eit kurs for kontaktpersonane i alle kyrkjelydane om rapportering og kommunikasjon.
- e. *Tildeling og rapportering:* Stavanger bispedømmeråd sende ut tildelingsbrev og oppretta rapporteringsside for alle tildelingseiningar.

Godkjenning av lokale planer for trusopplæring:

- f. Alle sokna i Haugesund og Sandnes prosti har levert sin lokale plan til godkjenning hos biskopen. Vi viser her til delmål: Godkjenning av lokale planar.

Innføring av ny plan for trusopplæring

- g. Bispedømmerrådet arrangerte eit dagskurs for nye tilsette i trusopplæringsstillingar, med fokus på reforma og plan for trusopplæring.
- h. Bispedømmerrådet har delteke ved fleire samlingar for ulike tenestegrupper i prostia, med fokus på den nye trusopplæringsplanen.

Oppfølging av sokn i trusopplæringsreforma:

- i. Bispedømmerrådet har hatt oppfølging av alle kyrkjelydar som er i gjennomførings- og mellomfasen av trusopplæringsreforma (gjennom mellom anna årsrapport og årsrapportsamtalen).
- j. *Medarbeidarsamling:* I november inviterte bispedømmerrådet til ei samling for medarbeidarane i trusopplæringa for å gje dei kunnskap om sentrale føringar i reforma, rom for erfaringsdeling og inspirasjon til arbeida med å fornye trusopplæringa i sitt sokn.
- k. For dei sokna som i 2012 skal levere sin lokale plan til godkjenning hos biskopen arrangerte bispedømmerrådet på hausen eit skrivekurs.

Fag- og kompetanseutvikling:

- l. Bispedømmerrådets årlege tverrfaglege kursdagar: Forum for trusopplæring 2011 samla 120 medarbeidarar.
- m. På våren arrangerte bispedømmerrådet saman med Misjonshøgskolen ein fagdag med tema: Kristne praksisar.
- n. Det er gitt rettleiing til lønna og ulønna medarbeidarar når det gjeld inkludering av menneske med utviklingshemming. Rettleiing er gitt både i mindre grupper og på større samlingar.

Sikre at tilbod om trusopplæring også inkluderer menneske med utviklingshemming.

- o. Der det har vore samlingar for trusopplæring har det vore understreka at trusopplæringa er eit opplæringstiltak for alle, uansett funksjonsnivå.

Vidareutvikling av konfirmantarbeidet.

- p. Bispedømmerådet har vært i kontakt med KRIK om å utvikle eit framtidig regionalt konfirmantarrangement. Det var ikkje mogleg for KRIK å gjere dette grunna manglande kapasitet.

Endringar i strategiar og tiltak

Bispedømmet har i samband med godkjenning av planar utarbeidd eit skjemaverktøy til bruk i prosessen med godkjenning. Skjema som gjev oss ein god oversikt over dei ulike elementa i innhaldet har vore til stor hjelp i arbeidet med godkjenninga av planane. Vi ser samtidig behov for å arbeide vidare med å utvikle dette systemet. Når kyrkjelydane i Tungenes prosti skal få sine planer godkjent i 2012, vil vi i endå sterkare grad vektlegge kyrkjelydane sin systematiske bruk av bibelfortellingar. Vi vil også i større grad inkludere prostane i prosessen med planutforming og godkjenning.

Når det gjeld arbeidet med fag- og kompetanseutvikling for medarbeidarane i bispedømmet ser vi ei stigande oppslutning om våre kurs og fagsamlingar. Det er nokre av faggruppene (til dømes kantorar, prestar og diakonar) som likevel er svakare representert på desse samlingane. Vi vil fortsatt ha eit særleg fokus på korleis vi kan få desse til å delta.

Vi ser at det framleis er eit stort behov for å ha fokus på kompetanse og konseptutvikling når det gjeld arbeidet med tilrettelegging for menneske med nedsett funksjonsevne. Etter ei tids vakanse i stillinga som rådgjevar for inkluderande kyrkjeliv for delar av bispedømmet, ser det nå ut til å gå mot ei tilsetting i denne stillinga i løpet av våren. Dette vil kunne gi tydelegare fokus på trusopplæring uavhengig av funksjonsevne i heile vårt bispedømme.

B: Barn og unge - Anna byggande arbeid

Våre mål for 2011

Vi skal arbeide for at unge i kyrkja skal erfare at kyrkja er relevant, livsnær og tilgjengeleg gjennom relasjonsbygging, gode fellesskap og ord og sakrament.

Vi hadde følgjande delmål

- å starte forarbeid til utvikling av nytt leiartreningsopplegg
- å delta i Kyrkjerådet si arbeidsgruppe om unge vaksne

Måloppnåing og vurderingar

Delmål: Starte forarbeid til utvikling av nytt leiartreningsopplegg

Målet er ikkje nådd.

Vi presenterte eit nytt leiartreningsopplegg på Forum for trusopplæring. Dette opplegget er utvikla i Madlamark og Vardeneset i Ytre Stavanger prosti. Dette blei tatt godt i mot av medarbeidarar som arbeider med unge leiarar og det kan visa seg å kunne nyttast i fleire kyrkjelydar. Vi har ikkje hatt kapasitet til å koma lenger i dette arbeidet dette året. Dette blant anna fordi vi har vore gjennom ei omorganisering der ungdomsfeltet i løpet av året er overført frå ei rådgjevarstilling til ei anna.

Delmål: Delta i Kyrkjerådet si arbeidsgruppe om unge vaksne

Målet er nådd.

Vi har framleis prioritert å delta i Kyrkjerådet si arbeidsgruppe for aldersgruppa 18-30. Det er eit stort behov for vidare satsing på arbeid for unge vaksne i kyrkja, sentralt og lokalt.

Endringar i strategiar og tiltak

Vi ønskjer å arbeida vidare med å styrkja ungdomsarbeidet i kyrkjelydane gjennom å bidra til utvikling av leiartrening for unge leiarar. Vi vil gå inn i ein dialog med dei to kyrkjelydane som har erfaringar med leiartreningsprogrammet «Follow me» og gjera dette programmet kjent i fleire kyrkjelydar.

Leiartreningsopplegget i Madlamark og Vardeneset kyrkjelydar skal vurderast nærmare som eit mogleg opplegg for anbefaling i bispedømmets kyrkjelydar generelt.

C: Barn og unge – ungdomsting og ungdomsråd

Vårt mål for 2011

Å ha eit ungdomsdemokrati som har to føremål: Å gi ungdom opplæring og å fungera rådgjevande for biskop og bispedømmeråd.

Vi hadde følgjande delmål

- Gjennomføra Ungdomsting for ungdom frå kyrkjelydane og ei samling for ungdom som er valt inn i sokneråd og bispedømmeråd
- Oppfølging av ungdomsrådet
- Oppfølging av referansegruppa for gudstenestereforma og arbeidsgruppa for Cape Orange bispedømme

Måloppnåing og vurderingar

Delmål: Gjennomføra Ungdomsting for ungdom frå kyrkjelydane og ei samling for ungdom som er valt inn i sokneråd og bispedømmeråd

Målet er delvis nådd.

Ungdomstinget blei gjennomført etter planen. Det er dessverre få kyrkjelydar som prioriterer å senda delegatar til Ungdomstinget. Vi hadde i 2011 delegatar frå 15 av 91 sokn.

Vi har ikkje hatt samling for tillitsvalde ungdommar i sokneråd og bispedømmeråd dette året. Vi har valt å la representantar for Ungdomsrådet delta med eit innlegg på kurset for nye sokneråd hausten 2011, mens vi lar samlinga for unge tillitsvalde bli arrangert tidleg i 2012, før Kyrkjemøtet.

Delmål: Oppfølging av ungdomsrådet

Målet er nådd.

Vi har eit godt fungerande ungdomsråd som har nær kontakt med administrasjonen.

Delmål: Oppfølging av referansegruppa for gudstenestereforma og arbeidsgruppa for Cape Orange bispedømme.

Målet er ikkje nådd.

Det er to ungdomsrepresentantar i den tverrfaglege referansegruppa for gudstenestereforma. Desse har ikkje fått spesiell oppfølging, men referansegruppa arbeider i nær kontakt med administrasjonen.

Det er ein ungdomsrepresentant i arbeidsgruppa for vennskapsarbeidet med Cape Orange bispedømme. Denne arbeidsgruppa har ikkje vore aktiv i 2011 på grunn av manglande kontakt med vennskapsbispedømmet.

Endringar i strategiar og tiltak

Vi vil intensivera arbeidet med å styrkja deltakinga på Ungdomstinget, blant anna med direkte kontakt med kyrkjelydane som ikkje har meldt på delegatar innan påmeldingsfristen.

Oppfølginga av Ungdomsrådet held fram mellom anna med auka fokus på rådets funksjon som rådgjevande organ for bispedømmeråd og biskop.

Vi ønskjer å arbeida for at ungdom er aktivt med i reformprosessane på lokalplan i kyrkja ved å oppmuntra kyrkjelydane til å ha ungdomar med i trusopplæringsutval og gudstenesteutval.

3.3 Lokalt forsøks- og utviklingsarbeid

A. Lokalt forsøks- og utviklingsarbeid

Departementet sitt resultatmål

Målformulering	Stimulere til økt organisatorisk samarbeid på tvers av kyrkjelyds- og kommunegrenser
Styringsparameter	Omfang av forsøks- og utviklingsarbeid i bispedømmet.
Resultatindikatorar	Tal på fellesråd som deltek i forsøk eller har etablert samarbeidsordningar på tvers av kommunegrenser.

Våre mål for 2011:

Leggje til rette for samarbeid mellom lokale kyrkjelege organ og utprøving av modellar for organisering av kyrkjelydsarbeidet.

Vi hadde følgjande delmål:

- Samordning av tiltak innan bispedømmerådet, biskopen, fellesråda og kyrkjelydane si verksemd
- Bidra til oppstart av formelt samarbeid mellom kyrkjelege fellesråd

Måloppnåing og vurderingar

Delmål: Samordning av tiltak innan bispedømmerådet, biskopen, fellesråda og kyrkjelydskontora si verksemd

Målet er nådd.

For samordning av tiltak innan verksemda til bispedømmerådet, biskopen og fellesråda og kyrkjelydane, ligg det føre ein oppdatert felles kurskatalog på våre heimesider.

Det er gjennomført to årlege samordningsmøte mellom kyrkjeverjelaget sitt styre og bispedømmeadministrasjonen.

Delmål: Bidra til oppstart av formelt samarbeid mellom kyrkjelege fellelråd

Målet er ikkje nådd.

Vi har vore i kontakt med kyrkjeverjer nokre aktuelle stadar for å undersøke om det er vilje og motivasjon til å setje i gang samarbeidstiltak som medfører endring av det enkelte fellelråd si organisering. Vi har enno ikkje lukkast med å få sett i gang slikt samarbeid.

Vi har peika på at fellelråda si utsikt til å oppnå økonomiske fordelar gjennom formelle samarbeidstiltak er ein kritisk suksessfaktor, og at det var svært sannsynleg at dette ville inntreffe. I årsmeldinga for 2010 peika vi dessutan på at det er nødvendig med stimulansemidlar for gjere det meir attraktivt for fellelråda å gå inn i formelt samarbeid. Slike stimulansemidlar var ikkje tilgjengelege i 2011, og vi legg til grunn at dette er ei vesentleg årsak til at målet ikkje vart nådd. Måloppnåinga var i samsvar med risikovurderinga.

Endringar i strategiar og tiltak

Vi vil framleis ha som målsetjing å etablere forsøk med formelt samarbeid mellom kyrkjelege fellelråd i bispedømmet. Det vil bli arbeidd mot nokre fellelråd for å motivere desse til samarbeid. Innføring av trusopplæringsreforma i nye prosti viser at slikt samarbeid er nødvendig, og då særleg i prosti med mange små fellelrådsområde. Samstundes gjer mangelen på stimulansemidlar og usikkerheit knytt til føreståande endringar i den kyrkjeleg organiseringa at det er krevjande å motivere til forsøk.



Arne Dag Kvamsøe, sokneprest i Hana, har vore aktivt med på innføringa av gudstenestereforma.

3.4 Prestetenesta

Hovudmål

Hovudmål	Løyvingane til prestetenesta har som mål at alle kyrkjelydar i Den norske kyrkja skal ha fast geistleg bemanning, slik at tenesta er nærverande i alle lokalsamfunn. Alle sokn skal vere bemanna av ein eller fleire prestar.
Styringsparametre	Prestedekning. Rekruttering.
Resultatindikatorar	Gjennomsnittleg tal på kyrkjemedlemer pr. prestestilling. Talet på ledige prestestillingar i bispedømmet. Talet på nytilsette prestar, eksklusiv overgang frå annan prestestilling. Talet på prestar som har gått av før fylte 67 år, eksklusiv overgang til annan prestestilling.

Måloppnåing og vurderingar

I Stavanger bispedømme har vi i 2011 fullført eit målretta arbeid med presteressursar (utrekning og fordeling) med sikte på ei mest mogleg rettferdig arbeidsbelastning for prestane våre. I dette arbeidet har medlemstalet i sokna vore eit av fleire viktige kriterier. Arbeidet førte til at fire prosti (Domprostiet, Ytre Stavanger, Karmøy og Haugesund) måtte gje frå seg presteressursar. Jæren og Tungenes har fått tilført nye ressursar av nye midlar over statsbudsjettet.

Stavanger bispedømme har 342.595 medlemmer pr. 11.02.11. Fordelt på dei kyrkjelydsretta årsverka (87,7) gir dette eit snitt på 3.906 medlemmer pr. prest, ein auke på 411 medlemmer frå året før. Vi har alt for høgt medlemstal pr. prest, trass i nye ressursar. Stavanger bispedømme kjem stadig dårlegare ut med omsyn til medlemmer pr. prest samanlikna med bispedømme elles.

Vi erfarer at Stavanger bispedømme gjennomgåande får godt med søkjarar til utlyste stillingar (frå 18 til 2, i snitt 9,3) og vi trong ikkje lyse ut ledige stillingar meir enn ein gong. Vi ser at utlyste stillingar rekrutterer søkjarar frå alle aldersgrupper, og i 2011 vart det tilsett fire kvinner og tre menn i dei sju utlyste stillingane.

Av dei sju som vart tilsett, kom to frå stilling i organisasjon. (Dei fem andre kom frå annan prestestilling).

12 prestar (6 menn, 6 kvinner) slutta i stillinga si. To av dei 12 (1 mann, 1 kvinne) gjekk av før fylte 67 år. Elles gjekk dei anten til annan prestestilling eller til annan kyrkjeleg stilling.

Tilsettingar i 2011 (2010 i parentes):

Talet på søknader	Kvinner	Menn	Totalt
40 år el. yngre	2 (0)	17 (4)	19 (4)
41-55 år	12 (3)	23 (8)	35 (11)
56 år og eldre	2 (1)	9 (8)	11 (9)
Tilsette	4 (0)	3 (3)	7 (3)

Vi meiner vi har nådd målet m.o.t. prestedekning innanfor dei rammene som budsjettet tillèt. Alle sokn er bemanna med ein eller fleire prestar. Ledige stillingar har fått søkjarar ved utlysing fyrste gong, og snittalet på søkjarar pr. stilling har gått opp.

Endringar i strategi og tiltak

Det er press på prestetenesta i Stavanger bispedømme, og det er eit alt for høgt snittal pr. prest. Stavanger bispedømmeråd rår ikkje over budsjettressursar til å få gjort noko med dette. Med både råd og biskop ser det som sær utfordrande å leggje til rette for ei presteteneste med så stort press på denne tenesta. Berre ei anna tilnærming i fordeling av eksisterande presteressursar bispedømme imellom og målretta tildeling av evt. nye presteressursar til bispedømmer som kan dokumentere eit auka press på prestetenesta, kan opna for ein betring av situasjonen.

Når vi likevel får så pass mange søkjarar til dei ledige stillingane, skuldast det at mange søkjarar gjev uttrykk for ønskje om å gjera teneste i eit bispedømme med god oppslutning om gudstenestene, stor deltaking frå frivillige i ulike oppgåver i kyrkjelydane og at folkekyrkja framleis står sterkt i bispedømmet. Så ser vi samstundes at mange søkjarar har bakgrunn frå bispedømmet eller band til området gjennom ektefelle o.a.

Vi er også nøgd med at vi tilsette fire kvinner i sju av dei ledige stillingane i 2011. Samstundes ser vi at med så få tilsettingar som vi har hatt dei siste åra, tar det lang tid å betra balansen mellom kvinner og menn i prestetenesta i Stavanger bispedømme. I 3 av dei 10 prostia, er det ikkje ei einaste kvinne i presteteneste. Og i dei prostia der det er kvinner, er det berre frå 1 til 3 kvinner som gjer presteteneste. Det er så lavt at det nok verkar inn på rekrutteringa av nye kvinnelege søkjarar.

Vi vil byggje vidare på at mange potensielle søkjarar kan tenkje seg teneste i dette bispedømmet, ut frå m.a. grunnane som er nemnt ovanfor. Dessutan vil vi framleis etterlyse yngre søkjarar og kvinner ved utlysing av dei aller fleste ledige stillingar. Det ligg samstundes eit klart ansvar på Stavanger bispedømmeråd å målvite prioritere tilsetting av fleire kvinner og yngre søkjarar.

Lokal tilpassing

Departementet sitt resultatmål

Resultatmål	Prestetenesta skal vere tilpassa lokale tilhøve og utfordringar.
Styringsparametre	Tenestefordeling.
Resultatindikatorar	Delen kyrkjelydsprestar som er gitt eit spesialisert ansvarsområde innan prostiet.

Våre mål for 2011:

Prestetenesta skal vere tilpassa lokale tilhøve og utfordringar.

Vi hadde følgjande delmål:

- Omfordela bundne lønsmiddel i tråd med vedtatt prioriteringsplan.
- Ei rettferdig fordeling av tenester og arbeidsomfang blant prestane.
- Minst 90 % av offentlege prestar registrerer seg i Kompetansekartet eller ved eige skjema for oversikt og aktiv bruk i prostia.

Måloppnåing og vurderingar

Delmål: Omfordela bundne lønsmiddel i tråd med vedtatt prioriteringsplan.

Målet er nådd.

Det målretta arbeidet med korleis presteressursane er fordelt, byrja i 2010 og heldt fram og blei fullført i 2011. Naudsynt nedbemanning (4,05 stillingar) er gjennomført ved at Domprostiet, Ytre Stavanger, Karmøy og Haugesund har gitt frå seg presteressursar, medan Tungenes og Jæren har fått tilført ressursar. Endringane har blitt sett i verk ved avgang, ved friviljug overgang eller som anna personaltiltak.

Vi har gjennomført ei endring for fire av prostane ved at dei ikkje lenger er sokneprestar (med plass i sokneråd). Dermed har ingen av prostane i bispedømmet lenger noko sokneprestansvar.

I risikobildet såg vi for oss at dette arbeidet kunne føre med seg mykje motstand og få alvorlege konsekvensar. Gjennom ein open prosess i alle prostia, der ressursmodellen frå partssamansett arbeidsgruppe blei lagt til grunn, fekk vi redusert dei negative konsekvensane. Openheit og sams forståing skapte vilje til å gjennomføre tiltaka.

Delmål: Ei rettferdig fordeling av tenester og arbeidsomfang blant prestane.

Målet er delvis nådd.

Prostane har arbeidd målretta for å få på plass arbeidsomtale for alle prestane. Vi manglar no slike avtalar for 6 av prestane våre. Prostane legg og arbeidsplanar for minimum eit halvår om gongen, og fordeling av tenesteveker og oversyn over bakvakter ligg føre for alle prostia.

I dette arbeidet kunne vi ha risikert betydeleg usemje mellom arbeidstakarar og arbeidsgjevar om arbeidsfordelinga. Dette har ikkje skjedd. Men arbeidet med planar for arbeidsfordeling har synleggjort at arbeidspresset på den einskilde prest i bispedømmet er særst stort.

Vi merker gjennomgåande ein god kollegialitet i prostia. Viljen til å stille opp for kvarandre og for kyrkjelydane er stor.

Delmål: Minst 90 % av offentlege prestar registrerer seg i Kompetansekartet eller ved eige skjema for oversikt og aktiv bruk i prostia.

Målet er ikkje nådd.

Når det gjeld registrering i Kompetansekartet, er vi på nivå med førre året, dvs. om lag 85 %. Av prostane sine rapportar går det fram at særskilt kompetanse blir nytta aktivt på studiedagar i prostia.

I risikobildet har vi sett opp at dette kunne bli sannsynleg, men at konsekvensen var låg, og slik har vi òg erfart det.

Vi seier oss nøgd med det arbeidet som er gjort når det gjeld fordeling av presteressursar. Dette skuldast eit godt samarbeid mellom biskop/BDR, prostar og arbeidstakarorganisasjonane. Det har vore særlege utfordringar i eit par av prostia der stillingsressursen er tatt ned, med kraftige protestar frå sokneråd, stabar og fellelråd. Sjølv om ressursmodellen som er nytta som legitimert grunnlag for nedtaket, har prestane og sokneråda i desse prosti ei kjensle av at dei noe har mindre presteressurs enn dei skulle hatt samanlikna med andre prosti. Slik er det ikkje, men like fullt vil den kjensla henge ved i ei tid framover.

Det er særst utfordrande å ta ned stillingsressurs, når prestane i dei prosti som må gje frå seg ressursar, faktisk har heilt rett i at dei er for dårleg bemanna i utgangspunktet. Nedtak av presteressurs i Stavanger bispedømme er då også urimeleg! Men budsjettsituasjonen krev slike nedtak. Ny ressurs over statsbudsjettet 2011 er ikkje sett inn i prosti med nedtak, men i prosti med den dårlegaste prestedekninga.

Med nedtaka meiner vi at fordelinga av ressursane er jamnare prostia imellom enn før. Men nedtaka løyser ikkje i seg sjølv utfordringa med at bispedømmet i fleire prosti har særst dårleg prestebemanning.

Registreringa i Kompetansekartet er vi ikkje nøgd med. På dette punktet vil prostane bli utfordra til at målsetting for 2012 skal på plass innan sommaren 2012.

Vi har ingen prestar som har fått eit spesialisert ansvarsområde innan prostia. Stavanger biskop har lagt til rette for slik spesialisering innan fastsette rammer. Prostia har ikkje nytta seg av dette. Her er det endringar på gang ved overgang til nytt arbeidsår.

Endringar i strategiar og tiltak

Vi vil for 2012 leggje særleg vekt på kompetanseutvikling på områda: gudstenestereform og trusopplæring.

Når det gjeld Kompetansekartet, har vi som mål at 95 % av prestane skal registrere seg der. Vi vil ta inn ein setning i brev ved nyttilsetjing, der vi gjer merksam på ansvaret for oppdatering av eige kart; og i tillegg vil prostane ta dette opp i medarbeidarsamtalar med alle prestane.

Vi vil òg at prestar med spesialkompetanse, t.d. åndeleg vegleiing, skal få høve til å praktisere denne som ein del av stillinga, og at dette blir tatt inn i arbeidsomtalen. Vi vil leggje til rette for at dette blir mogleg på tvers av prostigrensene.

Kunnskap, dugleik, haldningar og motivasjon

Departementet sitt resultatmål

Resultatmål	Prestane skal stimulerast til å utvikle kunnskap, dugleik, haldningar og motivasjon for tenesta.
Styringsparametre	Etter- og vidareutdanning.
Resultatindikatorar	Snittalet på studiedagar pr. prest.

Våre mål for 2011:

Prestane skal stimulerast til å utvikle kunnskapar, dugleik, haldningar og motivasjon for tenesta.

Vi hadde følgjande delmål:

- 10 prostar og 15 off. prestar i arbeidsvegleiing, av desse éin seniorgruppe.
- Min 15 off. prester i etter- og vidareutdanning i 2011.
- Min. 10 prestar i studieopplegg om gudstenestereforma, saman med kantorar.
- Prestane blir involverte og deltar aktivt i innføring av trusopplæringsreforma i nye prosti.
- 90 % av off. prestar deltar på prestekonvent 2011.
- Studiereise for prestar (2013).
- Utarbeiding av retningsliner for skikk og bruk i kommunikasjon mellom kyrkjeleg tilsette.

Måloppnåing og vurderingar

Delmål: 10 prostar og 15 off. prestar i arbeidsvegleiing, av desse éin seniorgruppe.

Målet er ikkje nådd.

Prostane (som i tal no er redusert til 9) får god vegleiiing med vekt på leiarutvikling. Men i tillegg til desse har vi berre hatt 8 offentlege prestar i ABV. Vi fekk heller ikkje dette året på plass ei eiga seniorgruppe. Vi vil samstundes halde fram at vegleiiing i Stavanger bispedømme heilt sidan starten har vore tverrfagleg, med deltaking av alle yrkeskategoriar i kyrkja. Når vi set saman ABV-grupper, er vi nøye med at relasjonane i gruppa ikkje skal vere for nære, t.d. skal medlemmene ikkje vere frå same stab, det skal vere minst to av same yrkeskategori og minst to av same kjønn.

Det er for få som melde seg til arbeidsvegleiing. Vi vil omorganisere leiinga av dette arbeidet frå bispedømmekontoret i 2012. Vi vil dessutan leggje inn slik vegleiiing som normalordning for alle dei yngste prestane. Seniorgruppe vil og bli etablert, men då over ein kortare periode enn to år.

Vi har gåande mykje vegleiiing gjennom bispedømmet sitt samtalesenter. Dette er vegleiiing og samtalar der arbeidsgjevar ikkje er kjent med kven som deltek, berre talet på dei. Og vegleiiinga er sterkare tidsavgrensa enn i det vegleiiingssystemet vi elles har i kyrkja med 44/66 timar. Tilbodet ved samtalesenteret vil halde fram, og dette tilbodet tek langt på veg av trongen for individuell vegleiiing i bispedømmet. Både prestar, kyrkjeleg tilsette i FR og tillitsvalde kan nytta seg av tenestene ved samtalesenteret.

Delmål: Minimum 15 offentlege prestar i etter- og vidareutdanning i 2011.

Målet er nådd.

I tillegg til dei 15 som byrja eller gjennomførte EVU i 2011, hadde vi òg 5 offentlege prestar som fullførte tidligare påbyrja opplegg. Vi seier oss nøgde med den studieverksemnda som skjedde i regi av REU. I tillegg heldt vi fram med ei årleg studieveke for alle prestar i offentleg stilling.

Tema for dei individuelle studieprosjekta har vore (i parentes talet på prestar som har arbeidd med temaet): Åndeleg vegleiiing (3), sjelesorg (2), spiritualitet og pastoralt leiarskap (1), pastoral-klinisk utdanning (1), arbeidsvegleiiing (1), kyrkja i møte med muslimar (1), barn og gudsteneste (2), utviklingsprosessar i kyrkjelyden (1), mastergrad i klinisk sjelesorg (1). Eige opplegg handla om retreat, katedralen i sentrum, tverrfaglig vegleiiing og eit inkluderingsprosjekt (bøn).

Ein tabell over etter- og vidareutdanning og arbeidsvegleiiing for 2011 ser slik ut (2010 i parentes):

Studieperm m/løn	Kvinner	Menn	Totalt
------------------	---------	------	--------

Talet på virkedagar	105 (135)	719 (693)	824 (828)
Søknader EVU via REU	4 (2)	11 (11)	15 (13)
Søknader Kompetansrådet	3 (2)	4 (5)	7 (7)
Søknader andre opplegg	1 (0)	7 (6)	8 (6)
Innvilga søknader totalt	3 (1)	4 (6)	7 (7)
Prester i etterutdanning (REU) 2011	4 (2)	16 (17)	20 (19)
ABV	2 (4)	15 (23)	17 (19)

Tabellen viser at talet på studiedagar er nokså nær det same som i 2010. 824 dagar gir (med 103 personar i offentlege prestestillingar) 8 studiedagar i snitt pr. prest (8,8 dagar delt på årsverk)

Delmål: Minimum 10 prestar i studieopplegg om gudstenestereforma, saman med kantorar.

Målet er delvis nådd.

Grunna endring i kursopplegget vart tre prestar, saman med tre kantorar, spurt om å utdanne seg til kursleiarar. Dei gjer ein framifrå innsats! Eit slikt utdanningsprosjekt, der deltakarane står i ein samanheng der dei umiddelbart deler eigen kunnskap og innsikt, gjev sær god utteljing for kompetanseinvesteringane. 82 offentlege prestar har vore med på to kursdagar.

Delmål: Prestane blir involverte og deltar aktivt i innføring av trusopplæringsreforma i nye prosti.

Målet er delvis nådd.

Alle utlysingstekstar for ledige prestestillingar, inneheld at den som vert tilsett får sentrale oppgåver knytt til trusopplæringsssatsinga i kyrkjelydane. Prestane vert og særleg inviterte til å delta i bispedømmet sine trusopplæringsdagar, og utfordra til deltaking gjennom møter og prosessar rundt innføring av reforma i nye prosti.

Vi kan ikkje seie oss nøgd med prestane si deltaking i dette arbeidet. Nokre er svært aktive, mens andre er meir defensive. Det manglar framleis god nok leiing av prestenesta på dette området. Når prestane først engasjerer seg, merker ein det på betring av kvaliteten på trusopplæringsarbeidet i kyrkjelydane.

Delmål: 90 % av offentlege prestar deltar på prestekonvent 2011.

Målet er ikkje nådd.

Prestekonvent vart arrangert i juni 2011. Av dei 103 prestane i offentlig stilling deltok 76 på konventet. Vi hadde dermed ein oppslutnad på om lag 74 %. Derimot var det fleire prestar tilsett av kyrkjelege fellelråd på desse dagane.

Delmål: Utarbeiding av retningsliner for skikk og bruk i kommunikasjon mellom kyrkjeleg tilsette.

Målet er ikkje nådd.

Arbeidet med utarbeiding av retningsliner for skikk og bruk blei utsett. Det blir tatt opp tidleg i 2012.

Endringar i strategiar og tiltak

I 2012 legg vi mykje arbeid og økonomi i studieprosjekta knytt til tema: «Frå tekst til preike» og «Religionsdialog». Vi har sett oss som mål at min. 50 % av alle prestar gjennom desse prosjekta skal få auka dokumentert studiekompetanse. I samband med desse tema blir det gjennomført to studiereiser i januar 2013.

I 2012 blir det arrangert medarbeidarsamling for alle kategoriar kyrkjeleg tilsette. Vi har som mål at 90 % av offentlege prestar deltar der.



Jelsa kyrkje

Kvinner i prestetenesta

Departementet sitt resultatmål:

Resultatmål	Det skal motiverast og leggest til rette for at fleire kvinner søker teneste som kyrkjelydsprestar og innehar leiarstillingar i kyrkja..
Styringsparametre	Kvinnedel.
Resultatindikatorar	Delen kvinner i faste prestestillingar. Delen kvinner i stillingar som biskop og prost.

Våre mål for 2011:

Det skal motiverast og leggest til rette for at fleire kvinner søker teneste som kyrkjelydsprestar og innehar leiarstillingar i kyrkja.

Vi hadde følgjande delmål:

- Stimulere fleire kvinner til å søkje stillingar i Stavanger bispedømme.

På tiltakssida understreka vi tre område: Oppsøkje fakulteta og invitere søkjarar. Alle utlysingstekstane skal innehalde oppmoding til kvinner om å søkje. Vi ville òg ta direkte kontakt med kvinner til ledige leiarstillingar (prost).

Måloppnåing og vurderingar

Delmål: Stimulere fleire kvinner til å søkje stillingar i Stavanger bispedømme.

Målet er nådd.

Til dei 7 ledige prestestillingane vi lyste ut i 2011, kom det 65 søknader, eit snitt på 9 (i 2010: 8). 49 av søknadene var frå menn, 16 frå kvinner (24 %). I dei 7 stillingane blei det tilsett 4 kvinner og 3 menn, og prosentvis var kvinnedelen av tilsettingar (57 %) like etter Oslo.

Vi hadde ei kvinne i domprostembetet i åra 2000-2011. Etter henne blei det òg utnemnt ei kvinne. Med det er det status quo på leiarsida.

Ved mellom anna å tilsette eller hyre inn kvinner til mellombels teneste (vikarteneste), vonar vi å rekruttere fleire kvinner til faste stillingar hos oss.

Vi gjorde eit aktivt arbeid med å kontakte aktuelle personar til det ledige domprostembetet.

Av dei 103 vi har fast tilsett hos oss, er 13 kvinner (12,6 %), medan vi hadde 3 kvinner i mellombels vikariat på rapporteringstidspunktet. I årsverk utgjer dei fast tilsette 10,65 årsverk av 94,9 (11,2 %).

Endringar i strategi og tiltak

No har bispedømmet ein kvinnedel som er dårlegare enn i noko anna bispedømme. Tilgangen på kvinnelege søkjarar er rimeleg god. I utlysningstekstane vert kvinner og yngre søkjarar bedne om å søkje. Utlysningane opnar for at desse kriteria kan vektleggjast særleg ved tilsetjing. I 2011 har vi tilsett relativt fleire kvinner enn menn både med omsyn til talet på tilsetjingar og ut frå søknadsgrunnlaget. Når likevel endringane med omsyn til auka kvinnedel i stillingane skjer så sakte, har det mellom anna bakgrunn i få tilsetjingar.

Det som dermed står att som mogeleg, er at BDR i dei tre stillingane der det vart tilsett menn i 2011 skulle blitt tilsett kvinner, og dermed radikalt prioriterte berre kvinner i ledige stillingar. Det kan ikkje BDR gjera etter likestillingslova og personalreglementet. Difor går det langsamt med endring av kjønnsbalansen i presteskapat i Stavanger. For langsamt.

Gode arbeidsvilkår

Departementet sitt resultatmål

Resultatmål	Prestane skal sikrast gode arbeidsvilkår.
Styringsparametre	Arbeidsmiljø. Arbeidstid.
Resultatindikatorar	Gjennomsnittleg tal på feire- og fridagar som ikkje er tatt ut.

Våre mål for 2011:

Prestane skal ha gode arbeidsvilkår.

Vi hadde følgjande delmål:

- Gjennomføring av vernerundar i alle prostia.
- Leggje til rette for ei organisering av prestetenesta som tar betre omsyn til livsfaseutfordringane.
- Dei tilsette sine behov for å ha nokon å snakke med om arbeidet, livssituasjon m.v. blir tatt hand om (utanom lina).
- Ubrukte feire- og fridagar: Max 200 dagar.

Måloppnåing og vurderingar

Delmål: Gjennomføring av vernerundar i alle prostia.

Målet er ikkje nådd.

Vi har registrert at det er litt ulike modellar for arbeidet med vernerundar. I 3 prosti blir dei tatt i to bolkar: psykososiale og fysiske. Prost og verneombod er gjerne med på dei førstnemnde. I 5 av dei 9 prostia er det meir enn éin kommune, og dermed fleire kyrkjevevjer/fellesråd å samordne seg med. Dette er ei utfordring for arbeidsmiljøarbeidet vårt. Til saman har vi fått melding om vernerundar i 14 kyrkjelydar i 2011.

Risikobilde: Vi frykta at dårleg kontakt eller manglande kommunikasjon mellom prost og kyrkjevevjer skulle føre til dårleg planlegging og mangelfulle vernerundar. Tilbakemeldingar tyder på at vernerundane framleis er eit forbetningspunkt i prostia. Vi vil gi tydelegare føringar for dette arbeidet i møte med prostane og verneomboda.

Delmål: Leggje til rette for ei organisering av prestenesta som tar betre omsyn til livsfaseutfordringane.

Målet er delvis nådd.

Når det gjeld arbeidet med program for livsfasane, har vi i 2011 hatt to samlingar: For dei under 40 og for dei over 60. I desse samlingane fekk vi signal om behov og ønskje. Dei yngre signaliserte behov for å avgrense talet på kveldar i teneste ute i kyrkjelyden, og dei ønskte helst kortare studiereiser. Dei eldre kjende behov for avlastning i nokre av arbeidsoppgåvene. Vi ser på dette kartleggingsarbeidet i 2011 som fyrste steg i livsfaseprogrammet vårt. Det vil vi utarbeide meir i detalj i 2012.

Delmål: Dei tilsette sine behov for å ha nokon å snakke med om arbeidet, livssituasjon m.v. blir tatt hand om (utanom lina).

Målet er nådd.

Vi er svært nøgd med at vi har fått i stand eit samtalesenter. Tre kompetente pensjonistar (to prestar, ein diakon) er engasjert i dette arbeidet. Alle tre har lang vegleiar- og sjelesorg-erfaring. Tilsette og rådsmedlemmer kan gjere avtalar direkte med samtaleperson, og på senteret har det vore ført 474 samtalar med prestar, andre tilsette og tillitsvalde.

I samband med 22.7.11-hendinga gjorde vi avtale òg med to andre samtalepersonar (sjukehusprest og psykiater) om å føre samtalar med tilsette som hadde hatt mykje arbeid blant dei som var råka av ugjerninga. Dette tilbodet vart nytta av éin av dei kyrkjeleg tilsette. 2 prestar (1 kvinne, 1 mann) har nytta seg av tilbodet om oppfølgingsdagar på Institutt for sjelesorg på Modum (januar 2012).

Delmål: Ubrukte ferie- og fridagar: Max 200 dagar.

Målet er ikkje nådd.

Fri- og feriedagar er eit gode for dei tilsette, og vi legg til rette for at desse skal takast ut regelmessig. Ved rapporteringstidspunktet 30.11.11 var 189 feriedagar søkt overført til 2012, medan 397 fridagar ikkje var tatt ut. Dette var svært mykje meir enn vi hadde vona. Eit tettare arbeidsprogram for prestane har ført til at fleire har brukt fridagar til å utføre arbeid.

Det har elles vært gjennomført årleg arbeidsplassundersøking blant både prestar og prostar. Dette året har undersøkinga ikkje vore anonym, og svara har gått til verneomboda. Desse har så hatt ansvar for å følgje opp personar som har gitt lav score på eit eller fleire av spørsmåla, for deretter å drøfta resultatata med vedkommande prost. Den nye ordninga ser ut til å fungere godt. RAMU har drøfta det samla resultatet av arbeidsplassundersøkinga, og laga plan for oppfølging av denne. I 2011 blei alle prostane bedne om å laga slik oppfølgingsplan i forståing med lokallagsleiar og prestane.

27 av arbeidstakarane har vært sjukemeldt (legemeldt) i 2011. Av desse har 12 vært sjukemeldt meir enn 16 dagar. To av dei sjukemeldte er inne i andre året med sjukefråvere. Til saman har det vore 482 dagar med sjukefråvere, ein nedgang på 104 dagar frå 2010. Sjukefråveret var med dette 2,16 %. Det låge sjukefråveret tyder på at vi har medarbeidarar som trass i mykje arbeid har høg yteevne og som strekkjer seg langt, òg når det røyner på.

Vi har hatt eit nært samarbeid med bedriftshelseteneste felles for bispedømmet og fellestråda i tre av prostia. Dette samarbeidet har vore konstruktivt og godt. M.a. har vi hatt bedriftshelsetenesta med i RAMU-møter, og vi har òg nytta dei i handtering av 3 HMS-saker i kyrkjelydar.

Endringar i strategi og tiltak

Arbeidet med vernerundar i prostia/fellesrådsområda må finna ein form og frekvens som lar seg gjennomføre. Dette arbeidet har prostane ansvaret for. Saman med lokallagsleiar skal dei utarbeide ein tiltaksplan for det enkelte prosti. Nokre få prosti er i gang. Andre ikkje. Livsfaseprogram skal utformast, og dette skal skje m.a. i partssamansett arbeidsgruppe. Sjukefråveret skal haldast lågt, og oppfølginga av langtidssjukemeldte skal være aktiv. Vi vil setje milepælsamtalar tydelegare på programmet, gjennom struktur og rutinar. Vi vil undersøkje moglegheit for mentorordning gjennom nokre prøveprosjekt. Samtaletilbodet held fram som no.

Leiging og samvirke

Departementet sitt resultatmål

Resultatmål	Bispedømmerådet, biskopen og prostane skal syte for god leiging av prestetenesta og leggje til rette for eit positivt samvirke mellom prestane, kyrkja sine valde organ og andre kyrkjeleg tilsette.
Styringsparametre	Leiging.
Resultatindikatorar	Delen av prestar som har hatt medarbeidarsamtale.

Våre mål for 2011:

Bispedømmerådet, biskopen og prostane skal sørge for god leiging av prestetenesta og leggje til rette for eit positivt samvirke mellom prestane, dei valde organa i kyrkja og andre tilsette i kyrkja.

Vi har hatt følgjande delmål:

- Styrke den tillitsvalte leiinga (SR- og FR-leiarar).
- Handbok for prestetenesta.
- Eit møte pr. halvår mellom BD og kyrkjeverjelaget sitt styre/kyrkjeverjelaget.
- Jamlege møte prost/kyrkjeverje.

Måloppnåing og vurderingar

Delmål: Styrke den tillitsvalte leiinga (SR- og FR-leiarar)

Målet er nådd.

Det har vært halde samlingar/kurs for nye sokneråd og fellesråd hausten 2011, med deltaking av 625 rådsmedlemer.

Delmål: Handbok for prestetenesta.

Målet er nådd.

Handbok for prestetenesta er no laga, og den ligg på heimesidene på nettet. Handboka blir kontinuerleg oppdatert og forbetra. Arbeidsgjevar har gjennomgått innhaldet i handboka gjennom kurs for prostar, lokallagsleiarar og stiftsstyret i PF.

Delmål: Eit møte pr. halvår mellom BD og kyrkjevevjerlaget sitt styre/kyrkjevevjerlaget.

Målet er nådd.

Kontakten med kyrkjevevjerne og kyrkjevevjerlaget er svært god, og blir halden ved lag gjennom jamlege møte.

Delmål: Jamlege møte prost/kyrkjevevjerje.

Målet er nådd.

Alle prostane melder at dei har regelmessige møtepunkt med kyrkjevevjerne i prostia. Det skal nå vera min. 2 kontaktmøte mellom prost og kyrkjevevjerje(r) i prostia kvart semester.

Det har elles vore medarbeidarsamtalar med om lag 84 % av prestane og prostane.

Det er ein liten nedgang frå førre året.

Alle dei 9 prostane har hatt medarbeidarsamtale hos biskopen. Desse samtalane er delt i tre: Første økta tar opp kyrkjelydsarbeid i prostiet, t.d. trusopplæring og diakoni. Andre økta dreier seg om personalstoda og økonomi (prostens budsjett). I desse to øktene er det stiftsdirektøren og rådgjevarar frå administrasjonen som samtalar med prosten. I tredje økta er det så samtale mellom biskopen og prosten aleine. Denne modellen fungerer godt.

Endringar i strategi og tiltak

Vi ser grunn til å halde fram med det gode samarbeidet, både mellom bispedømmeleiinga og kyrkjevevjerlaget, og mellom prostane og kyrkjevevjerne.

Vi vil vurdere korleis stabsarbeidet kan styrkast og invitere tilsette og fagorganisasjonane til drøfting om dette.



Ein kyrkjegjengar frå Jelsa fortel kva kyrkja har betydd.

3.5 Diakoni

Våre mål for 2011

Vi skal arbeide for at Den norske kyrkja held fram som ei tenande folkekyrkje, ved å styrkje diakonien i kyrkjelydane i samsvar med Plan for diakoni i Den norske kyrkja.

Vi hadde følgjande delmål

- Oppmuntre medarbeidarar til å søkje Kristus i stille, bøn og tilbeding
- 15 kyrkjelydar lagar lokal plan for diakoni med utgangspunkt i Plan for diakoni
- Medarbeidarar får auka diakonal kompetanse
- God samhandling mellom helsevesen og kyrkje for å sikre retten til åndeleg liv for alle
- Ti nye kyrkjelydar oppfyller krava for å bli sertifiserte som grønne kyrkjelydar eller miljøfyrtårn

Av desse var det to som var direkte målbare ved at vi hadde definert styringsparameter og indikatorar.

Måloppnåing og vurderingar

Delmål: Oppmuntre medarbeidarar til å søkje Kristus i stille, bøn og tilbeding

Målet er nådd.

Vi har gjennom bispedømmerådet si stifting Utstein Pilegrimsgard gjeve tilbod om ulike former for retreat for løna og ulønna medarbeidarar. Vi har også støtta medarbeidarar som har deltatt på retreat både på Pilegrimsgarden og ved andre retreatsenter.

Delmål: 15 kyrkjelydar lagar lokal plan for diakoni med utgangspunkt i Plan for diakoni

Målet er nådd.

Tabellen viser ein auke på 22 kyrkjelydar som har vedtatt lokal plan for diakoni frå 2010 til 2011.

	2009	2010	2011
Kyrkjelydar (91) med lokal plan for diakoni	25	45	67

Vi har arbeidd for at fleire kyrkjelydar skal vedta lokale planar gjennom å arrangera prostivise samlingar for diakoniutval med fokus på utforming av lokale planar. Vi har i 2011 gjennomført slike samlingar i tre av prostia.

Risikovurderinga (moderat sannsyn, alvorleg konsekvens) viser at vi frykta at det lokale diakonale arbeidet får svak forankring i Plan for diakoni, dersom det ikkje blir utarbeidd lokale planar. Den største risikoen blei vurdert til å vera låg kunnskap og lite engasjement for diakoniplanen blant tillitsvalde i sokneråda. Erfaringa viser at det nyttar å arbeida bevisst overfor diakoniutvala for å auka kunnskapen om utarbeiding av lokale planar.



Frå alterpartiet i Skjold kyrkje

Delmål: Medarbeidarar får auka diakonal kompetanse

Målet er nådd.

Vi arbeider for å auka den diakonale kompetansen gjennom fagdagar for tilsette, prostisamlingar for diakoniutval og gjennom nettverksbygging blant tilsette som arbeider spesielt med inkluderande kyrkjeliv med tanke på menneske med utviklingshemming. Vidare arbeider vi med oppfølging av kyrkjelydar og kontakt med ulike samarbeidspartnarar. Vi har lagt vekt på å ha eit naturleg tverrfagleg perspektiv på den diakonale satsinga ved at fleire fagrådgjevarar følgjer opp dette arbeidet.

Arbeidet med inkluderande kyrkjeliv er prega av eit nært samarbeid med Diakonistiftelsen Rogaland. Vi har ein avtale om verksemdssamarbeid for å nytta dei tilgjengelege ressursane optimalt og få eit synleg, tydeleg og varig arbeid som er kjent av menneske med utviklingshemming og deira foreldre og føresette.

Dei tilsette diakonane og diakoniarbeidarane er sentrale når det gjeld den diakonale kompetansen i kyrkjelydane og prostia. Vi arbeider her gjennom rettleiing overfor den enkelte medarbeidar og gjennom fagdagar arrangert i samarbeid med Stavanger Stift av Det Norske Diakonforbund.

Målet er at alle kyrkjelydar skal ha tilgang på diakonal kompetanse. I dag har 65 % av kyrkjelydane tilgang på denne kompetansen. Talet på stillingar for diakonar og diakoniarbeidarar aukar. I 2003 var det 32 slike stillingar, i dag er det 44 diakonar og diakoniarbeidarar i bispedømmet.

Vi gir refusjon av inntil 50 % av lønsmidlane for 13 av desse stillingane. Den siste diakonstillinga vi har kunna gi slik støtte, kom i 2002. Det blir heldigvis arbeidd kreativt i mange kyrkjelydar for å få oppretta nye stillingar med eigne midlar, i samarbeid med kommunar og med Diakonistiftelsen Rogaland. Vi vil peike på eit interessant tilfelle frå 2011: Gjesdal kommune har vedtatt å ta ansvar for delar av ei nyoppretta diakonstilling i Gjesdal kyrkjelege fellesråd, ved å nytta midlar frå Samhandlingsreforma.

Delmål: God samhandling mellom helsevesen og kyrkje for å sikre retten til åndeleg liv for alle

Målet er delvis nådd.

Plan for diakoni anbefaler auka samarbeid mellom kyrkjelydar og offentlege instansar. Når vi vurderer målet som delvis nådd, er det fordi arbeidet dette året har hatt preg av langsiktig arbeid med tanke på innføringa av reforma i 2012 og på planlegging av ein større konferanse i samarbeid med Kyrkjerådet (HEL) i 2012. Vi meiner dette langsiktige arbeidet på sikt vil føra til ei betre samhandling mellom helsevesen og kyrkje.

Vi har hatt særleg fokus på den åndelege og eksistensielle omsorga som skal vera ein integrert del av det palliative tilbodet i kommunane, for eksempel i kreftomsorga.

Undersøkingar viser at helsepersonell ofte er usikre på korleis ein skal nærma seg pasientane sine åndelege og eksistensielle behov, samtidig som mange kyrkjeleg tilsette har lita erfaring med alvorleg sjuke og døyande og har liten kunnskap om palliativ behandling.

Vi har derfor i samarbeid med *Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest* sett fokus på eit betre samspel mellom kyrkjelydar og helsetenesta. Det foreløpige målet for samarbeidet er å utarbeida eit toårig felles prosjekt med fokus på kompetanseheving og rutinar for tverrfaglig og tverretatleg samarbeid med tanke på åndelege og eksistensielle behov hos palliative pasientar i kommunehelsetenesta.

Delmål: 10 nye kyrkjelydar oppfyller krava for å bli sertifiserte som grøne kyrkjelydar eller miljøfyrtårn

Målet er ikkje nådd.

Tabellen viser at talet på grøne kyrkjelydar og miljøfyrtårn er det same i 2011 som det var i 2010.

	2008	2009	2010	2011
Grøne kyrkjelydar (91)	2	4	9	9
Miljøfyrtårnsertifiserte kyrkjelydar (91)	12	13	16	16
Miljøfyrtårnsertifiserte fellesråd (26)	3	3	4	4

Mange kyrkjelydar har i 2011 arbeidd med lokale diakoniplanar. Sokneråd og diakoniutval har dermed arbeidd med mål og tiltak innan temaet «vern om skaparverket» som er ein viktig del innan diakonien. Dette har likevel ikkje ført til at fleire kyrkjelydar dette året har vedtatt å bli grøne kyrkjelydar.

Vi har arbeidd for å nå dette målet hovudsakleg gjennom visitasarbeidet og gjennom *Ressursgruppa for miljø, forbruk og rettferd i Stavanger bispedømme*.

Biskopen har under visitasane utfordra dei kyrkjelydane som ikkje er grøne, til å starta ein prosess mot å bli grøne kyrkjelydar. Dette har ført til at fleire kyrkjelydar har starta ein prosess som truleg fører til at dei kan bli godkjente som grøne kyrkjelydar i 2012.

Ressursgruppa er ein pådrivar i arbeidet med miljø, forbruk og rettferd i bispedømmet. Gruppa har laga strategiar for den vidare oppfølginga av arbeidet og står også bak prosjektet «grøne kyrkjelydar».

Bispedømmekontoret er sertifisert som miljøfyrtårn.

Endringar i strategiar og tiltak

Vi ønskjer å arbeida for ei vidare styrking av diakonien i kyrkjelydane gjennom å revidera vår plan for krisehandtering med tanke på større katastrofar og gjennom eit fornya arbeid med rutinane for førebygging og handtering av seksuelle krenkingar i kyrkja. Dessutan vil samhandlingsreforma får stadig større merksemd i korleis kyrkjelydane skal vera ein ressurs i gjennomføringa av reforma.

3.6 Kyrkjemusikk og kultur

Departementet sitt resultatmål

Departementet har gjeve følgjande formål for den ekstra satsinga på kulturfeltet i kyrkja: Å inspirere til auka kulturverksemd i eit samspel mellom dei ulike kulturaktørar frå det breie kulturlivet, koordinere aktivitetar og byggje den kyrkjelege kulturkompetansen.

Våre mål for 2011:

Vi skal arbeide for å bli betre kjende med og ha fokus på det gode og mangfaldige kulturarbeidet som finst i kyrkjelydane. Vidare vil vi knytte kontaktar med ulike aktørar i kulturlivet og skape møtestadar mellom kyrkja og kulturen for at nye ting kan skapast.

Bispedømmerådet sin strategiplan for 2011 – 2014 har følgjande formuleringar på feltet:

Vi ønskjer kyrkjelydar som formidlar trua gjennom ulike kulturelle uttrykk.

Vi fokuserer på

- song og musikk
- breidde og mangfald i bruk av kultur i kyrkja
- pilegrimsmotivet

Det var sett opp fylgjande delmål:

- Inspirere kyrkjelydane til auka kulturverksemd
- Leggje til rette for samspel mellom kyrkjelydar og ulike kulturaktørar
- Avklare spisskompetansefeltet for kulturrådgjevaren
- Vidareutvikla arbeidet med pilegrimsatsinga i Rogaland
- Styrkje kyrkja sin bruk av Den kulturelle skulesekken
- Arbeida fram mot ei realisering av Pasjon 2013

Måloppnåing og vurdering

Delmål: Inspirere kyrkjelydane til auka kulturverksemd


Målet er delvis nådd.

Satsinga på kulturfeltet har gjort det naturleg og samlast til eigne møte om kunst og kultur i kyrkjelydane, og vi har dermed kunne fokusere på mulegheiter for tiltak og arrangement. Vi har i 2011 prioritert å ha møte med alle prostane og kyrkjevevane i bispedømmet, med kulturfeltet som tema. Gjennom å gå inn på leiarnivået har vi løfta kulturfeltet fram for alle kyrkjelydar i bispedømmet.

Satsinga på kultur som eige fagfelt har opna for å rette særleg fokus mot kulturfaglege spørsmål i kyrkjelydane. Her har vi lagt vekt på å framheve kyrkjemusikaren som lokal kyrkjeleg kulturarbeidar. I tre prosti har det vore egne samlingar for kyrkjemusikarar. Desse er arrangert i samarbeid med kyrkjevevje/prost. Det har også vore viktig for oss å investere meir tid og merksemd i samband med vigsling av kantorar. I 2011 har det vore vigsling av 7 kantorar i bispedømmet.

Delmål: Leggja til rette for samspel mellom kyrkjelydar og ulike kulturaktørar

Målet er delvis nådd.



Vi valde å skape gode arenaer for samspel mellom kyrkjelydar og ulike kulturaktørar gjennom arrangement som kan skape ringverknadar i det vidare samspelet. Vi valde å ta utgangspunkt i den nye bibelomsetjinga for å skape et slikt samspel mellom ulike aktørar. Bibelomsetjinga blei markert med større kulturarrangement tre ulike stader i bispedømmet. Arrangementa var planlagt i ein dialog mellom kulturaktørar og kyrkjelege tilsette.

Delmål: Avklare spisskompetansefeltet for kulturrådgjevaren

Målet er nådd.

Gjennom året har det vore ein prosess for å avklare kva spisskompetansefelt Stavanger bispedømmeråd skal ha. Ulike mulegheiter har vore vurdert, og på slutten av året landa ein på *korverksemd* som det fagfeltet ein ønskjer å vektleggje spesielt.

Det var særleg to grunnar som blei vektlagde når vi gjorde valet av dette spisskompetansefeltet. Det eine er den rike tradisjon det er for korarbeid i kyrkjelydane i Stavanger bispedømme. Den andre grunnen er at vi meiner korverksemd er eit så viktig felt innan kulturlivet i Den norske kyrkja at dette bør vere spisskompetansefelt i eitt av bispedømma.

Delmål: Vidareutvikla arbeidet med pilegrimsatsinga i Rogaland

Målet er nådd.

Det har vore arbeid med pilegrimsmotivet gjennom heile året. Vi har hatt møte med dei ulike lokale pilegrimsmiljøa i bispedømmet og det vart laga ei felles brosjyre, «Pilegrim i Rogaland 2011», med oversikt over pilegrimsarrangement og aktivitetar i 2011. Dette har ført til større medvit om kvarandre og eit utvida nettverk.

Prøvevandringa langs pilegrimsleia Stavanger – Røldal blei gjennomført med 22 deltakarar. Erfaringane var gode og vert vidareført i 2012. Kystpilegrimskonferansen vart arrangert på Utstein Kloster som planlagt, og resulterte i eit konkret og spanande samarbeid mellom fylkeskommunane og bispedømme langs vestlandskysten om eit forprosjekt med tanke på å få kystpilegrimsleia Stavanger – Trondheim etablert som St. Olavs veg og Europeisk kulturveg. Det vart også arrangert ein vellukka Pilegrimsseilas med skoleskipet Gann frå Stavanger til Trondheim med 160 deltakarar.

Pilegrimsrørsla veks i Stavanger bispedømme. Vi opplever stor interesse og openheit hos instansar og personar vi søkjer samarbeid med, både i og utanfor kyrkjeleg samanheng. Vi har tru på at dette er eit godt reiskap i arbeidet med trusopplæring og kyrkjelydsutvikling lokalt i vår tid. Dette arbeidet vil vi satse vidare på.

Delmål: Styrkje kyrkja sin bruk av Den kulturelle skulesekken

Målet er ikkje nådd.

Det har vore eit møte med dei som var på kurs om Den kulturelle skulesekken i Molde i november 2010. Den kulturelle skulesekken er eitt av fleire tema som er sett på dagsorden i møte med kyrkjelydane. Det har dessverre ikkje ført til nye søknader for 2012.

Delmål: Arbeida fram mot ei realisering av Pasjon 2013

Målet er delvis nådd.

Det har gjennom heile året vært arbeida med finansieringsgrunnlag for å kunne realisera Pasjon. Pasjon er et middelalderkonsept med ca. 1700 aktørar som vert gjennomført veka før påske. Det har sju delprosjekt som alle har utgangspunkt i hovudprosjektet, eit mysteriespel i Stavanger domkirke. Pasjon 2013 skal gå av stabelen i veka før påske. Dei to hovudområda det har vore arbeidd med, er finansiering og prosjektleiing. Det er så langt innvilga kr 500 000,- til Pasjon 2013 frå Stavanger kommune. Prosjektet har eit totalbudsjett på 3,8 mill. Vi er representert i styret for stiftelsen Pasjon ved at kulturellrådgjevar er styreleiar.

Endringar i strategiar og tiltak

Vi har valt å fokusere tydelegare på arbeidet med ulike finansieringsformer for kulturarbeid i kyrkja.

Vi har vidare valt å ha større fokus på bevisst bruk av ulike kulturuttrykk i kyrkjelydane.

Vi vil konkretisere spisskompetansefeltet *korverksmed* ved at tilsette og frivillige medarbeidarar får rettleiing og kurs.

Vi har valt å skilje ut pilegrims- og retreatarbeidet som eige satsingsområde, for betre og tydelegare å kunna vidareutvikla dette arbeidet.



Frå sundagsskulen på Riska, ein søndag med fint ver og dramatisering av oppstoda i hagen ved kyrkja.

3.7 Gudstenesteliv

Departementet sitt resultatmål

Målformulering	Styringsparameter 2011	Resultatindikator 2011
Den norske kyrkja skal vera ei landsdekkjande, lokalt forankra kyrkje som inviterer alle menneske i alle aldrar og livssituasjonar til tru og fellesskap	Oppslutninga om gudstenestelivet i kyrkjelydane	Gjennomsnittleg deltaking i gudstenester søn- og helgedag

Ut frå resultatmål og styringsparameter er det naturleg å arbeida for *auka oppslutning* om gudstenestelivet i kyrkjelydane. Ei auka oppslutning kan sjåast i samanheng med korleis den lokalt forankra kyrkja lukkast i å invitera «alle menneske i alle aldrar og livssituasjonar» til tru og fellesskap. For å oppnå auka oppslutning, er det nødvendig med eit bevisst arbeid med gudstenesteutvikling.

Våre mål for 2011

Vi vil spela ei aktiv rolle i utviklinga av gudstenestelivet med vekt på lokal forankring, involvering og fleksibilitet ved å markera startskotet for ny ordning for hovudgudstenesta første søndag i advent og leggja grunnlaget for god opplæring av løna og ulønna medarbeidarar i 2011 og 2012.

Vi hadde følgjande delmål

- Minst 10 kyrkjelydar innfører ny ordning for hovudgudstenesta frå 1. søndag i adventstida 2011
- Nye tekstrekke blir tatt i bruk i alle kyrkjelydar
- Offentleg markering av startskotet for ny ordning
- Grundig opplæring av presteskap og kantorar i ny ordning
- Grunnleggjande opplæring av andre kyrkjeleg tilsette
- Grunnleggjande opplæring av ulønna medarbeidarar

Måloppnåing og vurderingar

Departementet sitt resultatmål

Målet er nådd.

Den norske kyrkja i Stavanger bispedømme er lokalt forankra og inviterer breitt til tru og fellesskap. Styringsparameteret er her oppslutninga om gudstenestelivet i kyrkjelydane. Resultatindikatoren er gjennomsnittleg deltaking i gudstenester søn- og helgedagar. Den gjennomsnittlege deltakinga pr. gudsteneste har gått opp frå 133 til 140, og gjennomsnittet pr. kyrkjelyd har gått opp frå 126 til 130. Den totale deltakinga går også opp, trass i at gudstenestetalet har gått ned. Nattverddeltakinga går opp, sjølv om talet på nattverd gudstenester er relativt stabilt.

Ønske om auka oppslutning – kva seier statistikken?

Me har ønska å sjå noko meir bak tala og finna ut kva som skapar god gudstenestedeltaking. Kva rolle spelar medlemstal, oppslutning om dåp og konfirmasjon og anna kyrkjeleg aktivitet?

Til dette har me brukt årsstatistikken, og sett på i kva grad ulike ting me har tal på heng saman med gudstenestedeltaking. Me har brukt vanlege statistiske formlar for samanheng (Pearsons r, også kalla produkt-moment-korrelasjon). Desse viser i kva grad to ting utviklar seg parallelt – t.d. om det er slik at kyrkjelydar med mange medlemmar også samtidig har høgare gudstenestedeltaking. Resultatet går det an å oppgje som ein prosentsats for i kva grad det er fullt samsvar mellom utviklinga for dei to tinga ein samanliknar.

Denne måten å rekna på er eit relativt sikkert mål på i kva grad to ting heng saman, men det fortel ikkje kven av dei som er årsak og verknad, eller om det er to ting som styrker kvarandre. Det kan også vera noko som er underliggjande årsak til begge deler.

Viss me ser på den totale gudstenestedeltakinga, finn me fire faktorar som heng sterkt saman med dette. Total gudstenestedeltaking heng sterkt saman med medlemstalet (89 %), talet på dåp (89 %), konfirmanttal (88 %) og gjennomsnittleg deltaking (78 %).

At medlemstalet er så viktig for gudstenestedeltakinga, viser at mykje at det som skapar god gudstenestedeltaking går på tvers av spesielle kjenneteikn på kyrkjelydane. Desse samanhengane viser også at dåpsfølge og konfirmantar er sentrale gudstenestedeltakarar.

Korrelasjonen mellom konfirmantar (61 %), dåp (61 %) og medlemstal (56 %) er svakare for den gjennomsnittlege gudstenestedeltakinga. Det kan ein tolka som at her er det fleire faktorar som spelar inn. Me har undersøkt i kor høg grad gjennomsnittleg deltaking heng saman med ulike deler av kyrkjelydsarbeidet. Det som slår sterkast ut av det me har tal på er:


- Talet på nattverddeltakarar (61 %)
- Deltakarar på familiegudstenester (60 %)
- Deltakarar på ungdomsgudstenester (56 %)
- Korverksemd (55 %)
- Vaksne bibelgruppedeltakarar (52 %)
- Sundagsskule (50 %)
- 4-åringar som har fått bok (49 %)

- Konsertar i regi av kyrkjelyden (49 %)
- Leiarkurs for ungdom (42 %)

Det er interessant å sjå både korleis konfirmasjon og dåp også er viktig for gjennomsnittleg deltaking. Gudstenestelivet i kyrkja er samansett av ulike målgrupper, og deltakinga ved dåp og konfirmasjon ser til dømes ut til kvar for seg å vera like viktige som nattverddeltakinga. Det er også interessant å sjå at sundagsskule og korverksemd gjev direkte og positiv effekt. Det tiltaket i kyrkjelydane som ikkje er direkte knytt til gudstenestedeltakinga, men i sterkast grad heng saman med det, er altså grupper for vaksne, som husfelleskap og bibelgrupper. Leiarkurs for ungdom er nest størst av dette.

Det er svak positiv korrelasjon mellom gjennomsnittleg gudstenestedeltaking og talet på nattverdgdustenester (29 %). Korrelasjonen mellom deltakarar på ulike faste aktivitetar for barn og ungdom, sorggrupper, babysong og gudstenestegjennomsnittet ligg på same nivå. Andre kyrkjelege aktivitetar heng altså til ein viss grad saman med gudstenestedeltakinga, men ikkje like mykje som det som er nemnt ovafor.

Mellom talet på frivillige i barne- og ungdomsarbeid og gjennomsnittleg gudstenestedeltaking er det sterk samanheng (61 %). Desse tinga verkar sannsynlegvis positivt på kvarandre, det er lettare å rekruttera når det er fleire som går til gudsteneste, og engasjement motiverer til deltaking.



Hjelmeland kyrkje har fått meir lys og ny utsmykning av fondveggen

Med tanke på gudstenestereforma sitt mål om å bruka fleire frivillige i gudstenesta, er det interessant å sjå at det også her er samanheng. Talet på frivillige i gudstenesta og gudstenestesnittet har eit samsvar på 48 %.

Kor mange prosent av medlemmane i eit sokn som i gjennomsnitt deltek på gudsteneste, visar andre samanhengar. Her er det ein negativ korrelasjon på 55 %. Mindre einingar når altså større prosentdelar av befolkninga. Det er eit godt argument for kyrkjelydsutvikling i form av å planta nye kyrkjelydar – og ein illustrasjon på at kyrkja relativt sett står sterkast i små lokalsamfunn. Det er ikkje rart når mykje av kyrkja sitt arbeid er fellesskapsorientert, både i mål og verkemiddel.

Skal ein kyrkjelyd oppnå god gudstenestedeltaking er det altså fleire ting som saman er viktige: Både gode møte med konfirmantar og dåpsfølgje, eit godt tilbud til faste kyrkjegjengarar, sundagsskule, ulønna medarbeidarar, grupper for vaksne, korverksemd og anna kyrkjelydsarbeid.

Lokale variasjonar

Me har sett at gudstenestedeltakinga i bispedømmet samla sett har utvikla seg positivt. Me har også sett at mykje av det som ligg bak god gudstenestedeltaking er felles og heng saman med medlemstal, dåp og konfirmasjon. Likevel er det interessant å sjå på kva som har hendt i prostia. Den følgjande tabellen viser utviklinga frå 2010-2011.

	S+H-gudst	Delt S+H	Tot. D gdt.	Ntv-gdt.	ntv-delt.	Gj.snitt gt.	Gj.snitt ntv.
Dalane prosti	-1	1213	1183	-21	-310	4	4
Søre Ryfylke prosti	7	842	16	3	325	0	1
Nordre Ryfylke prosti	2	1009	-1236	-13	-169	2	2
Haugesund prosti	-30	-1538	50	20	89	6	-4
Tungenes prosti	-12	-56	-1979	35	1408	3	-4
Karmøy prosti	-24	-995	-4949	4	1220	6	5
Domprostiet	-43	2675	12038	16	5349	14	7
Ytre Stavanger prosti	3	565	-2478	-61	-1323	0	8
Jæren prosti	-19	6965	10542	6	3551	15	11
Sandnes prosti	-33	-2145	-5197	12	180	5	-2

Det som merkar seg ut her, er at både Domprostiet og Jæren prosti har sterk positiv utvikling, sjølv om talet på gudstenester har gått ned.


Dette er to prosti med ulik profil. Jæren har sterk gudstenestetradisjon med godt samarbeid mellom kyrkje- og organisasjonsliv. Domprostiet har urbant preg med sentrumskyrkjelydar og sentrumsnære bydelskyrkjelydar. Ein kan altså sjå vekst i ulike kontekstar.

Veksten i Domprostiet skjer i dei to sentrale kyrkjene, Domkyrkja og St. Petri, og i to av bydelane: Stokka og Bekkefarete. På Jæren er det Nærbø, Varhaug, Ålgård og Bryne som merkar seg ut. For nokre av desse er det relativt svake tal frå tidlegare år som nå har snudd i positiv retning.

Gudstenestedeltaking og trusopplæring

Det er framleis tidlig i trusopplæringsreforma til å vurdere kva verknad ho har på gudstenestedeltakinga. Me har likevel sett på utviklinga i total gudstenestedeltaking i dei prostia som har innført trusopplæringsreforma for seg sjølv.

Det følgjande diagrammet viser utviklinga frå 2005-2007. Prostia i forsøksfasen er dei som ikkje har fått tildelt midlar til gjennomføring av trusopplæringsreforma.



Diagrammet viser at alle prosti som har innført trusopplæringsreforma, har fått noko svekka total gudstenestedeltaking, medan dei andre prostia har styrkt sin.


Som vi har sett tidlegare, så er det mange ulike forhold som ligg bak tala for gudstenestedeltaking, slik at ein ikkje kan rekna trusopplæring åleine som årsak til utviklinga. Om det skulle vore slik, ville denne tabellen vist at gudstenestedeltakinga går ned som følgje av innført trusopplæring.

Det ville jo vore eit interessant funn, og det kan gje grunn til å følgja med.

Årsakssamanhengane er likevel for kompliserte til at ein kan slutta seg til dette ut frå ein enkelt tabell.

Verknaden av gudstenestereforma

Åtte kyrkjelydar i to prosti har vore prosjektkyrkjelydar i gudstenestereforma. Me har sett på kva som har skjedd med gjennomsnittleg deltaking i desse kyrkjelydane:



Me ser ikkje nokre klare tendensar. Nokre kyrkjelydar har vekt, andre har nedgang. Det er sannsynlegvis då andre faktorar enn gudstenestereforma som har påverka deltakinga til no.

Vi har sidan 2009 hatt ei tverrfagleg referansegruppe for gudstenestereforma (tidlegare: ressursgruppe), samansett av representantar for ulike tenestegrupper og ulønna medarbeidarar. To av medlemmane i gruppa representerer Ungdomsrådet. Gruppa har i 2011 arbeidd med korleis dåpshandlinga i større grad kan bli ei feiring

Delmål: Minst 10 kyrkjelydar innfører ny ordning for hovudgudstenesta frå første søndag i advent 2011

Målet er delvis nådd.

Vi hadde sett dette målet for å få god merksemd om «startskotet» for gudstenesteordninga. Vi oppmoda dei åtte kyrkjelydane som formelt har vore prøvekyrkjelydar sidan 2008, om raskt å utarbeida ei lokal grunnordning ut frå den vedtekne ordninga frå Kyrkjemøtet 2011. Den same oppmodinga gjekk til tre andre kyrkjelydar som vi visste var komne langt i lokale prosessar omkring gudstenestereforma. Resultat var at vi i november 2011 fekk inn seks lokale grunnordningar til godkjenning hos biskopen, tre frå prøvekyrkjelydane og tre frå dei andre som hadde fått oppmoding om dette. Det viste seg at fem av åtte prøvekyrkjelydar opplevde at dei trass i prøveperioden, trong meir tid på å vedta ei lokal grunnordning. Dei seks grunnordningane fekk i november ei foreløpig godkjenning slik at dei kunne bruka den allereie frå adventstida 2011.

Risikovurderinga (moderat sannsyn, alvorleg konsekvens) viser at vi var redde for at startskotet for reforma ville få mindre tyding enn ønskjeleg. Den største risikoen var at kyrkjelydane ville oppleve utfordringa som ei belastning i ein allereie pressa arbeidssituasjon. Erfaringa vi har gjort er at det er mykje arbeid å utarbeida ei lokal

grunnordning og at fleire av prøvekyrkjelydane opplevde at dei hadde kome for kort i prosessane, til å gjera arbeidet i 2011. Dette har gjort oss meir bevisste i forhold til korleis vi planlegg kursa om sokneråda sitt ansvar for utarbeiding av lokale grunnordningar i 2012. Vi opplever elles at konsekvensen her ikkje var så alvorleg som tenkt; vi har fått mykje merksemd omkring gudstenestereforma i bispedømmet sjølv om vi ikkje fekk godkjent lokale grunnordningar frå så mange kyrkjelydar dette første året.

Delmål: Nye tekstrekker blir tatt i bruk i alle kyrkjelydar

Målet er nådd.

Informasjon om nye tekstrekker blei sendt ut frå oss og frå Kyrkjerådet. Dessutan blei det informert om nye tekstrekker på kurs for tilsette.

Delmål: Offentleg markering av startskotet for ny ordning

Målet er nådd.

Det blei sendt ut brev frå biskopen om ei enkel markering med informasjon om den nye gudstenesteordninga til bruk i kyrkjelydane 1. søndag i adventstida. Så langt vi kjenner til, blei den nye ordninga nemnt i gudstenestene denne dagen.

Vi fikk gode medieoppslag om den nye ordninga for hovudgudsteneste i veka før 1. søndag i adventstida, blant anna i Stavanger Aftenblad.

Delmål: Grundig opplæring av presteskap og kantorar i ny ordning

Målet er nådd.

Vi har i samarbeid med Kyrkjevevjelaget sett i gang eit desentralisert firedagars kurs for kyrkjeleg tilsette i perioden oktober 2011 – februar 2012. Dei to første kursdagane blei gjennomført i 2011.

Kurset blir gjennomført tre stadar i bispedømmet med kursleiarar som tar kursleiarkurset i regi av Norges Musikkhøgskole. Vi har lagt stor vekt på at kurset er tverrfagleg og ope for



alle grupper kyrkjeleg tilsette. Invitasjonen har gått ut til «prestar, kyrkjemusikarar, kateketar, diakonar og andre kyrkjeleg tilsette». Prestar og kyrkjemusikarar fekk informasjon om at det blir forventa at dei deltar. Kursa har blitt gjennomført med god deltaking, sjølv om vi har registrert enkelte prestar og

kyrkjemusikarar som i liten grad har følgd opp.

Prostane har fått grundig innføring i gudstenestereforma og har ansvar for å følgja opp presteskapet i forhold til reforma. Fleire av prostane har dessutan regelmessige samlingar med andre tenestegrupper der dei har høve til å halda medarbeidarane godt oppdatert.

Risikovurderinga (lite sannsyn, svært alvorleg konsekvens) viser at vi var redde for at tilbodet om opplæring skulle bli nedprioritert og at konsekvensen ville vera mangelfull kunnskap om gudstenestereforma. Vi meiner vi kan seia at målet er nådd, men er klar over at enkelte tilsette i liten grad har følgd opp og at vi derfor i enkeltstående tilfelle risikerer at prestar og kyrkjemusikarar manglar den ønskjelege kompetansen.

Delmål: Grunnleggjande opplæring av andre kyrkjeleg tilsette

Målet er nådd.

Vi viser her til førre avsnitt. Alle kyrkjeleg tilsette har hatt høve til, etter avklaring med arbeidsgjevar, å delta på dei to kursdagane som er halde av firedagarskurset. Spesielt for dei vigsla gruppene har vi sagt det er ønskjeleg at dei deltar. Her har mange daglege leiarar, diakonar, kateketar og tilsette i trusopplæringa deltatt på heile eller delar av kurset.

Vi hadde gudstenestereforma som tema på Forum for trusopplæring, som samla xxx medarbeidarar. Vi har vidare gjort avtale om at den nye gudstenesteordninga blir tema på fagdag for diakonar i februar 2012.

Delmål: Grunnleggjande opplæring av ulønna medarbeidarar

Målet er delvis nådd.

Vi avslutta våren 2011 ein prostivis kursrunde for gudstenesteutval og hadde då i løpet av to år besøkt 9 av 10 prosti. Medlemene i gudstenesteutvala har dermed vore fortløpande oppdatert på utviklinga av gudstenestereforma. Det er vårt inntrykk at mange av medlemene av utvala framleis deltar i utvalsarbeidet etter soknerådsvalet 2011.

Vi gjennomfører i perioden oktober 2011 – februar 2012 eit soknerådskurs over to kveldar. På den første kvelden, som blei gjennomført seks stadar i bispedømmet i perioden oktober/november, hadde vi ei første og grunnleggjande informasjon om den nye gudstenesteordninga. Den andre kurskvelden, som vil bli gjennomført i 2012, har fokus på sokneråda sitt ansvar for utarbeiding av lokale grunnordningar.

Risikovurderinga (moderat sannsyn, alvorleg konsekvens) viser at vi var redde for at tilbodet om opplæring skulle bli nedprioritert blant ulønna medarbeidarar og at konsekvensen ville vera mangelfull kunnskap om gudstenestereforma. Når vi konkluderer med at dette delmålet bare er delvis nådd, har dette ikkje samband med denne risikoen, men med at soknerådskurset andre del med hovudvekt på dette temaet, er utsett til januar/februar 2012.

Endring av strategiar og tiltak

Vi ønskjer å auka oppslutninga om gudstenestelivet i kyrkjelydane. I denne samanheng er det viktig at vi følgjer prosessane i gudstenestereforma tett. I 2012 vil vi ha eit enda større fokus på den lokale implementeringa i kyrkjelydane. Dette vil skje gjennom rettleiing overfor lokale medarbeidarar og gjennom biskopens arbeid med godkjenning av dei lokale grunnordningane.

Vi vil vidare gå gjennom på nytt vår plan for opplæring av ulike grupper medarbeidarar, for å gjera denne mest mogleg relevant i forhold til behova.

Vi ønskjer også å intensivera arbeidet med kyrkjestatistikk for å auka kunnskapen om kva som skapar god gudstenestedeltaking.

3.8 Misjon og økumenikk

Vårt mål for 2011

I nært samarbeid med SMM-organisasjonane sentralt og regionalt å oppmuntre og utfordre kyrkjelydane til å vere misjonale, slik at evangeliet kan frigjere menneske og myndiggjera dei til å dele trua gjennom nærvere, handling og ord, lokalt og globalt.

Vi hadde følgjande delmål

- Utfordre minst 50 % av sokneprestane på misjonsprosjekta i kyrkjelydane
- Utfordre ungdomsarbeidarane i 2 prosti på misjonsprosjekt i ungdomsarbeidet
- Ferdigstille 6 nye program til Misjonsmenyen for trusopplæring
- Formidla til kyrkjelydane ressursar for misjon i gudstenesta
- Førebu og gjennomføra stand på Alternativmessa i Stavanger
- Gjennomføra bønneveke og anna oppfølging av avtalen med Cape Orange bispedømme

Måloppnåing og vurderingar

Delmål: Utfordre minst 50 % av sokneprestane på misjonsprosjekta i kyrkjelydane.

Målet er nådd.

5 prostilag fekk besøk av misjonsrådgevar og ein representant for SMMS-rådet i løpet av 2011. Representantane i SMMS delar på å vera med på desse besøka. Eit av dei viktigaste suksesskriteria for at eit misjonsprosjekt skal lukkast i kyrkjelydane, er at presten har eit engasjement for prosjektet. Prostilagsbesøka var gode møtepunkt der me fekk sett fokus på presten si viktige rolle i å skape misjonalt engasjement i kyrkjelyden. Sjølv om det er stor variasjon på prestane sin kunnskap og deira engasjement for misjonsprosjekta, var det eintydig positive haldningar til saka i prostilaga.

Delmål: Utfordre ungdomsarbeidarane i to prosti på misjonsprosjekt i ungdomsarbeidet.

Målet er delvis nådd.

Vi har besøkt alle ungdomsarbeidarane i Sandnes prosti. Dei var positive og interesserte i tematikken. Undervegs i denne prosessen kom det ein resolusjon frå Ungdomstinget om misjonsprosjekta og ungdommane. Ungdomstinget ønskte at ungdommane blir involvert i kyrkjelyden sitt felles misjonsprosjekt, heller enn å ha eigne misjonsprosjekt i ungdomsarbeidet. Samtidig peikte Ungdomstinget på tydinga av at kyrkjelydane søkte på finne prosjekt som også ville kunne engasjera ungdommane. Vi følgde ønska frå Ungdomstinget i den vidare kontakten med ungdomsarbeidarane.

Då kontakten med Ytre Stavanger prosti blei etablert, blei strategien endra til at dei trusopplæringsansvarlege heller skulle få besøk. Dette fordi vi såg at marknads-føringa av Misjonsmenyen for trusopplæring ikkje gav den forventa etterspørselen etter dette materialet. Vi ønskte derfor å marknadsføra den direkte. Det blei gode samtaler med dei ansvarlege for trusopplæringa, der Misjonsmenyen og anna relevant materiell blei løfta fram. Dette arbeidet vil også bli prioritert i tida framover.

Delmål: Ferdigstille seks nye program til misjonsmenyen for trusopplæring

Målet er delvis nådd.

Tre program blei ferdigstilt, mens tre andre framleis er under utvikling.

Det viser seg vanskeleg for organisasjonane å prioritera utviklinga av nye program. Vi har sjølve stått hovudansvarlege for å utvikla to av dei tre ferdige programma. Ein har berre kome godt i gang med arbeidet med eitt av dei tre andre. Det er truleg fleire grunnar til at det har blitt slik. Organisasjonane har kanskje ikkje forstått kor strategisk det er å utvikla desse programma i ei tid då kyrkjelydane er i ferd med å utvikla trusopplæringa si. Det kan også tenkjast at organisasjonar som har brukt ressursar på å utvikla eit program til Misjonsmenyen, ikkje vil bruka ressursar på eit nytt program før dei ser at det første blir brukt av fleire kyrkjelydar.

Delmål: Formidla til kyrkjelydane ressursar for misjon i gudstenesta

Målet er ikkje nådd.

Det er få kyrkjelydar som foreløpig har gått grundig inn i arbeidet med lokal grunnordning. Vi har derfor funne det fornuftig å venta med å kommunisera dette tydeleg til kyrkjelydane til dei har kome godt i gang med denne prosessen.

Vi har derfor prioritert å arbeida med dokumenta som følgjer ny ordning for hovudgudstenesta og identifisera stadane i dokumenta og liturgien som gjev gode

innfallsvinklar til misjon. Vidare har vi arbeidd med å utvikla ei idé- og ressursoversikt knytt til desse.

Delmål: Førebu og gjennomføra stand på Alternativmessa i Stavanger

Målet er nådd.

Førebuing, deltaking på stand, og tilbod om oppfølging etter messa blei gjennomført. Få av dei frivillige medarbeidarane har møtt til førebuings- og evalueringssamlingar. Elles blei arbeidet med messestand gjennomført etter planen og med gode samtalar og forbøn for søkande menneske. Standen blei dette året plassert litt meir i utkanten av messeområdet enn året før. Dette førte til at færre la merke til standen. Men på den annen side blei det meir ro over samtalar og forbøn når det ikkje var så mykje folk rundt standen.

Diakonane i Stavanger og Sandnes skal utfordrast på å arbeida for at deira kyrkjelyder skal inngå misjonsavtalar med Areopagos relatert til arbeidet blant nyåndelege, og at dei skal rekruttera frivillige til stand på Alternativmessene i Stavanger og Sandnes.

Delmål: Gjennomføra bønneveke og anna oppfølging av avtalen med Cape Orange bispedømme.

Målet er nådd.

Gjensidig bønneveke blei gjennomført. Anna oppfølging av avtalen med Cape Orange blei gjennomført så langt mogleg. Vi har gjennom året gjort fleire forsøk på å koma i dialog om vegen vidare for vennskapsarbeidet, utan å lukkast.



Kyrkjeverje Olav Frantzen ønsker velkommen til kyrkja.

Endringar i strategiar og tiltak

Vi held fram med å besøkje prostilaga slik at vi i 2012 har nådd over alle prostia. Erfaringa så langt gjer at vi nå i større grad vil ha fokus på å integrera misjonsavtalane i ulike sider av kyrkjelydane si verksemd med vekt på trusopplæringa og gudstenestelivet.

Vi vil i 2012 arbeida spesielt med å styrkja misjonsdimensjonen i gudstenestelivet, i samband med at mest alle kyrkjelydane arbeider med å utvikla lokal grunnordning dette året. Vi vil besøkje stabar for samtale med utgangspunkt i idé- og ressursoversikta som vi har utarbeidd. Vi har valt å begynna med å besøkje eit utval av dei største gudstenestefellesskapa i bispedømmet.

Arbeidet med Cape Orange-relasjonen blir halde på eit minimum inntil bispedømmerådet har hatt vennskapsavtalen til ny drøfting.

3.9 Visitas

Våre mål for 2011

Biskopen skal innarbeida ein visitaspraksis som følgjer nytt visitasreglement.

Vi hadde følgjande delmål

1. Følgja oppsett visitasplan gjennom å gjennomføra visitas i seks visitasområde
2. Førebu visitasplan for 2012
3. Planleggja visitasar som skal vera 1. halvår 2012.

Måloppnåing og vurderingar

Måla er delvis nådde.

Biskop Erling J. Pettersen gjennomførte i 2011 sine første visitasar.

Visitasregelementet § 2 seier at kvart sokn skal visiterast av biskopen minst kvart åttande år.

Vi har delt bispedømmet opp i 51 visitasområde. Det er gjennomført visitas i seks visitasområde:

- Bryne, Time og Undheim sokn i Jæren prosti (februar), sist visitert i 2001
- Madlamark sokn i Ytre Stavanger prosti (mars/april), sist visitert i 1999
- ByMenigheten – Sandnes i Sandnes prosti (mai), første sjølvstendige visitas. Ved tidlegare visitas var ByMenigheten – Sandnes ein del av Gand som sist blei visitert i 2002
- Falnes og Ferkingstad sokn i Karmøy prosti (mai/juni), sist visitert i 2001
- Gjesdal og Ålgård sokn i Jæren prosti (november), sist visitert i 2004

- Hana sokn i Sandnes prosti (november/desember), sist visitert i 2000

Visitaprogrammet var planlagt i 2010 ut frå ulike kriterium. I perioden 2007-2009 blei det gjennomført eit forsøksprosjekt med prostivisitasar i fire prosti (Dalane 2007, Nordre Ryfylke 2008, Haugesund 2009 og Søre Ryfylke 2009). Ingen sokn i desse fire prostia fekk visitas i 2011. I dei andre seks prostia har biskopen visitert sokn som hadde visitas tidleg i biskop Baaslands tenestetid, likevel slik at ein ikkje har hatt visitas i Tungenes og Stavanger domprosti der det er utnemnt ny prost i 2010-2011. Elles unngjekk vi visitasar i tredje kvartal på grunn av kyrkjevalet.

Visitareglementets § 4 har ei oversikt over innhaldet i ein visitas. Vi har funne ei form der alt som skal vera med, har fått plass i programmet, bortsett frå at vi ikkje konsekvent har hatt møte med fellesrådet. I dei større byane har dette vore ivaretatt gjennom kyrkjeverja, elles har slike møte vore gjennomført.

Av dei elementa som bør vera med, har vi lagt særleg vekt på at det i visitasen bør inngå «programposter som har til hensikt å fremme kirkens samarbeid med skole og barnehage», dels på bakgrunn av uttrykte behov i lokalkyrkjelydane og dels på bakgrunn av at biskopen har stor kompetanse på området. Her har vi prøvd ut ulike møteformer. Dei mest verdifulle erfaringane har vi gjort der vi har samla dei ansvarlege for barnehage- og skuledrift i kommuneadministrasjonen, rektorar og inspektørar frå dei aktuelle skulane, barnehagestyrarar og dei kyrkjeleg tilsette som har ansvar for den lokale kontakten med barnehagar og skular. På slike møte har kommunens representantar fått presentera kommunens satsing på barnehage- og skulesektoren med vekt på verdispørsmål og deira oppleving av samarbeidet med kyrkja, og biskopen har halde foredrag om kyrkja sitt samarbeid med barnehagar og skular i ei ny tid. Vidare har det vore tid for samtale. Vi meiner desse samlingane har opna for verdifulle samtalar som igjen vil vera med og styrka det lokale samarbeidet i åra som kjem.

Endring av strategiar og tiltak

Med visitas i seks visitasområde i året vil vi også etter 2012 ha eit etterslep i forhold til målet om visitas kvart åttande år. Vi ser likevel ikkje at vi i 2012 har høve til å leggja fleire enn seks visitasar inn i biskopens program.

Vi kan frå 2012 ha visitas i Tungenes og Stavanger domprosti med nye prostar i teneste. Vi vil nå kunne prioritera visitasar i desse prostia i 2012-2013. Dette vil likevel måtte balanserast mot andre omsyn og behov i prostia.

For 2012 er det lagt følgjande visitasplan:

- Grødem, Kvitsøy og Randaberg sokn i Tungenes prosti (mars), sist visitert i 2000
- Åna fengsel og Stavanger fengsel under Jæren prosti (april), sist visitert i 2001
- Tjensvoll sokn i Stavanger domprosti (mai), sist visitert i 1999

- Bjerkreim sokn i Dalane prosti (september), sist visitert i 2002, prostivisitas 2007
- Norheim og Torvastad sokn i Karmøy prosti (oktober), sist visitert i 2001
- Gand sokn i Sandnes prosti (november), sist visitert i 2002

Det bør i 2012 vurderast om det er mogleg å gjennomføra visitas i meir enn seks visitasområde frå 2013.



Frå kurs om ny kyrkjeordning, februar 2011.

3.10 Medarbeidarskap

Våre mål for 2011

Vi skal arbeide for å ha motiverte og kompetente lønna og ulønna medarbeidarar på alle nivå i bispedømmet.

Vi hadde følgjande delmål:

- Oppfølging av kyrkjeleg tilsette
- Bidra til auka kompetanse i sokneråd og kyrkjelege fellesråd

Måloppnåing og vurderingar

Delmål: Oppfølging av kyrkjeleg tilsette

Målet er nådd.

Vi har gjennomført kurs for nye sokneråd.

Kursa for sokneråd skjer gjennom to kursrundar. Første runde var kurs i kvar av dei 10 prostia i oktober og november 2011 for ca. 700 deltakarar. Runde gjekk føre seg i januar og februar 2012.

Vi har og halde kurs med innføring for nytilsette i bispedømmet.

Delmål: Bidra til auka kompetanse i sokneråd og kyrkjelege fellelråd

Målet er nådd.

Det har vore ein jamn dialog med kyrkjevevjerene om gjennomføring og samordning av kurs og fagdagar. Det ligg føre ein felles kurskatalog for denne verksemda.

Endring i strategiar og tiltak

Vi ser ikkje at vi treng endre tiltaka våre med omsyn til kurs for sokneråd.

Innføringskurs for nytilsette vil bli endra som følgje av det innføringsprogrammet som nå er under etablering i Dnk.



Pinnebrød med trusopplæringsmak

3.11 Forvaltning og økonomi i bispedømmet

Våre mål for 2011:

- Bispedømmerådet sin økonomiforvaltning skal følge økonomiregelverket for staten.
- Våre brukarar skal oppleve at vi er tilgjengelege, serviceinnstilte og leverer tenester av høg fagleg kvalitet.
- Utvikle og ta i bruk nye elektroniske løysingar for å oppnå auka effektivitet og betre servicenivå for våre brukarar

Vi hadde følgjande delmål:

- God budsjettstyring som sikrar forsvarleg bruk av tildelte midlar.
- Kompetanseheving blant prostar og prostesekretærar omkring budsjettstyring og kontroll.
- Betre kvalitet på innsendte rekningar og fråversregistreringar.
- Tilfredstille formalkrav i økonomiregelverket for staten.
- Nye nettsider for Stavanger bispedømmeråd.
- Forenkle bokføring av innbetaling utgåande fakturaer.
- Innføre nytt kalender- og telefonsystem ved bispedømmekontoret.
- Ta i bruk ny og meir brukarvennleg versjon av Websak.
- Innføre nytt planleggingsverktøy for prostane.

Måloppnåing og vurderingar

Delmål: God budsjettstyring som sikrar forsvarleg bruk av tildelte midlar

Målet er nådd.

Samla rekneskap for Stavanger bispedømmeråd blei gjort opp med eit ubetydeleg mindreforbruk på kr 153 745 i 2011, som utgjør 0,15 % av total tildeling.

Presteskap (Kap 1591/4591, post 01 og post 02)

Rekneskapen for presteskapet viser eit mindreforbruk på kr 91 876. Totale lønsutgifter blei omkring kr 700 000 lågare enn budsjettet. Årsaka er at det ikkje har blitt sett inn full vikardekning ved vakansar. Samla utgifter til reise blei også lågare enn planlagt. Innsparingane har gjort det mogleg med auka satsing på kurs- og etterutdanning.

God budsjettstyring har resultert i at rekneskapen for presteskapet i Stavanger bispedømme er gjort opp med eit lite mindreforbruk også i 2011. Leiinga er svært nøgd med at Stavanger som einaste bispedømme ikkje har hatt overskridingar av tildelte midlar i nokon av dei fem siste rekneskapsåra. Saman med Hamar er vi det bispedømme som har hatt minst variasjonar i rekneskapsresultata de siste 5 åra. (Jf. Etatsrapporteringa for 2011.) Dette trass i at tildelte midlar ikkje har auka i takt med innføring av nye reformer, eller fullt ut kompensert for auka kostnadar til løn og andre utgifter. Dei gode resultata er oppnådd ved planlegging og bevisst styring over tid.



Ein blomstrande stab i forvaltningsavdelinga, ved Imsland kyrkje.

Presteressurs

Allereie i 2009 blei det klart at bispedømmet måtte ta grep for å sikre betre driftsbalanse dersom ikkje statlege løyvingar auka betydeleg. 03.06.10 vedtok bispedømmerådet at talet på faste prestestillingar skulle reduseras med 4,05. Frigjort ressurs skulle nyttas til å auke kurs- og vikarbudsjetten tilbake til nivået i 2008, samtidig som evt ny presteressurs skulle omplasseras til sokn med underdekning. Reduksjon i presteressurs og rokking av ressurs mellom kyrkjelydar kan normalt gjerast når ei stilling blir ledig innan tilsettingsområdet. Difor har det tatt tid å gjennomføre vedtaket i bispedømmerådet, men ved utgangen av 2011 var vi i mål. Vi kan med glede konstatere at det i året som har gått igjen var rom for eit vikarbudsjett som forhindrar noko av slitasje på presteskapet, samtidig som det var betre rom for midlar til vidareutdanning og andre personaltiltak.

Stavanger bispedømme fekk 1,8 millionar i ny stillingsressurs i 2011. Dermed kunne bispedømmet fullføre innføringa av prostireforma, ved at dei 5 siste prostane i løpet av 2011 har blitt fritatt frå å være sokneprestar. I tillegg har Jæren og Tungenes prosti fått tildelt høvesvis 100 % og 60 % ny stillingsressurs. Frå og med 01.01.12 vil det bli fasa inn ytterlegare 25 % stillingsressurs i Karmøy prosti.

Lønsnivå

Etatsstatistikken for 2011 viser at Stavanger bispedømme ligg godt an når det gjeld lønsnivå for prestar samanlikna med andre bispedømme. Stavanger er det bispedømmet med høgast gjennomsnittleg lønsauke frå 2010 til 2011. Vi har ikkje som tilsikta mål om å være lønnsleiande, men ønskjer at prestane skal ha konkurransedyktig lønn. Denne målsettinga er nådd. Vi er samtidig litt uroa for lønnsutviklinga til sokneprestar på 58 år og eldre. Vi meiner at denne aldersgruppa må prioriterast i kommande lønnsoppgjør. Det er viktig å sikre god lønnsutvikling for prestar med lang tenestetid for å kunne halde på dyktige medarbeidarar over tid.

Konklusjon

Stavanger bispedømme har no ein sunn balanse mellom tilskot frå FAD og midlar bunde opp i faste prestestillingar ved utgangen av 2011. Vi beklagar likevel at det har vært nødvendig å redusere talet på prestestillingar for skape ein sunn driftsbalanse. Etatsrapporteringa for 2012 stadfester at Stavanger bispedømme har færre prestar i offentlege prestestillingar enn dei føregåande 4-5 åra. Dette er svært uheldig med tanke på den sterke folketilveksten som skjer i Rogaland.

Etatsstatistikken viser vidare at vårt bispedømme har dårlegast prestedekning, målt som talet på kyrkjemedlemmar per offentlig prest. Vi vil be om at Stavanger får tildelt ytterlegare ny presteressurs i åra som kjem.

Administrasjon (Kap 1950/4590, post 01 og 02)

Rekneskapen for administrasjonen ved bispedømmekontoret er gjort opp med eit mindreforbruk på kr 61 869,- Samla blei lønsutgiftene kr 300 000 lågare enn budsjettet, først og fremst grunna refusjonar frå NAV ved sjukemeldingar. Innsparingane har gjort det mogeleg å fullføre investeringar og tilpassingar i nye lokale i Statens Hus.

God budsjettstyring har resultert i at rekneskapen er gjort opp med eit mindreforbruk også i 2011. Stram økonomistyring og bevisst prioritering over fleire år har gjort at vi har gått i balanse både i 2010 og 2011, på tross av ekstraordinære utgifter på i underkant av kr 2 millionar knytt til flytting, tilrettelegging og utrusting av dei nye lokala i Statens Hus.

25.1.2011 tok vi i bruk dei nye flotte lokala med universell utforming. Det er ein stor fordel at heile administrasjonen er samla på eit plan. Gode møterom og oppgraderte IT-løysingar gjer kvardagen enklare.

Stavanger bispedømmeråd gir trusopplæring høg prioritet. I løpet av første halvår 2011 blei det så godt som avklart kor store fellesutgifter som må påreknas i dei nye lokala og nødvendige investeringar er gjennomført. Bispedømmerådet vedtok etter dette hausten 2011 å styrke trusopplæringsområdet med 50 % lønsressurs. Det betyr at vi nå har ein trusopplæringsrådgjevar i 100 % stilling i tillegg til 100 % undervisningsrådgjevar. Leiinga er glad for styrka resurs på eit så viktig område, samtidig som det frigjer undervisningsrådgjevar til andre viktige oppgåver som leiarutvikling, skule/barnehage/kyrkjesamarbeid, vaksenundervisning, studiearbeid m.m.

Administrasjon (Kap 1590, post 21 og post 03)

Prosjekt ført på oppdragskonti gikk i balanse per 31.12.11.

I 2011 hadde Stavanger bispedømme totalt ti kombinerte prestestillingar som blir finansiert delvis av offentlege midlar og delvis av fellesråd/sokneråd. I tillegg blei det arrangert ei rekke kurs og konferansar der utgiftene blir dekt inn av tilskot frå andre og deltakarbetaling.

Vi arbeidar målretta for å få 100 % prestestillingar, gjerne i kombinasjon med finansiering frå fellesråd/ sokneråd. Målet er å få mest mogleg presteressurs ut av dei statlege midlane,

samtidig som vi ser fordelene med at det ikkje blir oppretta for mange deltidsstillingar rundt om i prostia.


Staben ved bispedømmekontoret arrangerte mange kurs og samlingar i 2011, som bidrar til auka kompetanse i fellesråd og kyrkjelydar rundt omkring i bispedømmet vårt.

God budsjettstyring og kontroll har gjort at alle prosjekt er gjort opp i balanse.

Tilskotsforvaltning (Kap.1590, post 7116, post 75 og post 72)

Alle tilskotskapitla blei nytta fult ut. Det var ikkje unytta midlar ved utgangen av året. Stavanger bispedømmeråd har forvalta følgjande tilskotsordningar i 2011:

- a) Tilskot til diakoni, undervisning og kyrkjemusikk



St. Petri kyrkje i Stavanger.

Det blei utbetalt tilskot til sytten kateketstillinger fordelt på åtte ulike fellesråd og til tretten diakonstillinger fordelt på sju fellesråd, forutan fast tilskot til kyrkjemusikalsk verksemd i Domkyrkja i Stavanger. Eventuelle ledige midlar nyttast til enkelståande tiltak innanfor diakoni og undervisning. Stavanger bispedømmeråd har vedtatt at 50 % tilskot til diakon i Høyland frå 01.08.11 skal bli omgjort til 50 % tilskot til kateket.

b) Tilskot til trusopplæring

Tilskot er utbetalt til alle sokn i Haugesund prosti, Sandnes prosti, Tungenes prosti og Ytre Stavanger prosti, i tillegg til kyrkjelydar i andre prosti med pågåande trusopplæringsprosjekt.

c) Tilskot frå Opplysningsvesenets fond

Totalt blei det søkt om kr 1,5 millionar i tilskot til ulike prosjekt. Fleire gode søknadar måtte avvisast fordi totalt tilskot til fordeling var på kr 572 000 i 2011.

Tilskot til undervisning, diakoni og kyrkjemusikk

Midlane over dette tilskotskapittelet er svært viktige for å kunne oppretthalde satsing på undervisning og diakoni i kyrkjelydane. Dessverre har tilskot til diakonstillinger vært uendra i ei årrekke. Ny plan for diakoni i Dnk aukar behovet for å få på plass fleire diakonstillinger i vårt bispedømme, men det fins ikkje økonomiske midlar til ei slik satsing.

Tilskot til trusopplæring

Stavanger bispedømmeråd beklagar sterkt at gjennomføring av reforma drar så langt ut i tid. Ved utgangen av 2011 er reforma gjennomført i 4 av 10 prosti i Stavanger bispedømme. I løpet av 2012 vil Søre Ryfylke prosti og Nordre Ryfylke prosti bli lagt ned, og kyrkjelydane blir overført til nye Ryfylke prosti. Kyrkjelydane i Vindafjord vil bli innlemma i nye Haugaland prosti. Det vil bli ei utfordring at sokn i gamle Haugesund prosti allereie har innført trusopplæringsreforma, mens dei 8 sokna i Vindafjord enda ikkje har fått tildelt trusopplæringsmidlar. Vi vil derfor be om at desse kyrkjelydane blir innlemma i reforma så snart som råd.

Tilskot i samband med 22.07.11

Tilskotet er utbetalt til dei tre fellesråd som var direkte ramma av tragedien 22.7.11.

Delmål: Kompetanseheving blant prostar og prostesekretærar omkring budsjettstyring og kontroll

Målet er nådd.

Prostane har overhalde sine budsjett, og nytta midlane i tråd med tilskotsbrev.

Nyutnemnde prostar i 2011, har vore på ein introduksjonsdag på bispedømmekontoret, der mellom anna rutinar for økonomiforvaltning og prostens sitt budsjett har blitt gjennomgått. I tillegg har vi hatt opplæring av ny sekretær i Nordre Ryfylke prosti.

I oktober blei det arrangert kursdag for prostar og tillitsvalde, der økonomiforvaltning var eit av dei områda som blei belyst gjennom presentasjon av ny elektronisk prestehandbok.

Kvar månad får prostar og prostesekretærar tilsendt rekneskapsoppstilling over faktiske utgifter mot budsjett, slik at dei er godt orienterte. Bruken av budsjettmidlar og ressursituasjonen i prostiet blir årleg tatt opp i prostane sin mederleidarsamtale med biskop og representantar frå administrasjonen.



Per Kristian Aschim frå Kyrkjerådet i samtale med prost Kjell Børge Tjemsland.

Delmål: Betre kvalitet på innsendte rekningar og fråversregistreringar

Målet er delvis nådd.

Administrasjonen arbeidar med å forbetre kvaliteten på innsendte rekningar og fråversmeldingar. Det er ei utfordring at gamle skjema blir brukt, sjølv om alle oppdaterte skjema nå ligg lett tilgjengeleg på våre nettsider. Av og til blir ikkje heimel for vikarbruk påført, eller feil heimelskode blir nytta. Prostar / prostesekretærar blir kontakta dersom avvik blir avdekt i samband med månadleg lønsutbetaling.

Det er stadig ei utfordring å få inn korrekte fråversskjema med fullstendige og korrekte opplysningar til rett tid. Vi håper at dette vil bli betre når fleire av prostane tek i bruk det nye planleggingsystemet, Prostemodulen, i løpet av 2012.

Delmål: Tilfredstille formalkrav i økonomiregelverket for staten

Målet er nådd.

Offentlege innkjøp

Regelverk for offentlege innkjøp er gjort kjent for alle tilsette ved kontoret. I 2011 har det blitt gjennomført tre innkjøp over beløpsgrensa på kr 100 000,-

For to av tre innkjøp over kr 100 000 fant ein ikkje alternative leverandørar. Dette gjaldt innkjøp av liturgisk materiale i samband med innføring av gudstenestereforma og Bibel 2011. Eit reisebyrå hadde ansvar for bestilling av fly og hotell i samband med ein studieturen til Roma. Dei sjekka ulike leverandørar for å oppnå gunstigast mogeleg pris på det tidspunktet som reisa skulle finne stad. Innkjøpsprosessen er dokumentert i tre ulike anskaffingsprotokollar.

Etiske retningslinjer

Hausten 2010 blei det utarbeida egne etiske retningslinjer for alle som er tilsett ved Stavanger bispedømmekontor.

Dei etiske retningslinjene er gjort kjent for alle tilsette ved bispedømmekontoret.. Vi vurderer at dette arbeidet har vore tilstrekkelig til å auke det etiske medvitte blant dei tilsette.

Varsling

Våren 2011 blei det utarbeida nye reglar om varsling for alle som er tilsett av Stavanger bispedømmeråd.

Dei nye retningslinjene er presentert, og tatt inn i elektronisk prestehandbok på våre nettsider (www.kirken.no/stavanger). Reglane er også gjennomgått med prostar, tillitsvalde, offentlege prestar og dei tilsette i administrasjonen. Rutinane er gjort kjent og er lett tilgjengelege for dei tilsette.

System for risikovurderingar

I årsplanane våre ligg det inne risikovurderingar i høve til dei målsetjingane som er sette for verksemda. Årsplanen inneheld hovudmål, delmål og risikovurdering knytt til dei ulike områda for verksemda vår.

Frå og med 2010 tok vi i bruk ein ny form for årsplan som inneheld hovudmål, delmål og tiltak på kvart område for verksemda. I tillegg er risikobilete kartlagt ved identifisering av kritiske suksessfaktorar og tilhøyrande vesentlege risikofaktorar. Ein kartlegg og vurderer kor sannsynleg det er at eit tiltak ikkje blir sett i verk og kva konsekvensen i så tilfelle blir. Erfaringar frå 2010 og 2011 tyder på at dette er eit godt styringsverktøy. Det hjelper oss til å ha fokus på det vi har sett oss som mål, samtidig som vi har ei klarare forståing for kva som må til for å realisere planane våre. Vi konkluderer med at målsettinga om etablering av tilfredstillande system for risikovurderingar og målstyring er oppfylt.



Egersund kyrkje

Delmål: Nye nettsider for Stavanger bispedømmeråd

Målet er nådd.

Hausten 2011 lanserte Stavanger bispedømmeråd nye nettsider. Her finn ein nyttig informasjon for alle som er tilsett av Stavanger bispedømmeråd, samt informasjon om bispedømmet og verksemda generelt. Spesielt viktig er presentasjonen av ei elektronisk Prestehandbok, med oversikt over ordningar og reglar som gjeld for alle offentlege prestar i

vårt bispedømme. Informasjonen er nå samla og lett tilgjengeleg både for tilsett og eksterne brukarar.

Delmål: Forenkle bokføring av innbetaling utgåande fakturaer

Målet er nådd.

Vi har tatt i bruk KID på utgåande fakturaer. Dette har forenkla arbeidet med registrering av innbetalingar og samtidig redusert talet på feilregistreringar.

Delmål: Innføre nytt kalender- og telefonsystem ved bispedømmekontoret.

Målet er nådd.

Eit nytt kalender- og telefonsystem blei tatt i bruk av administrasjonen ved bispedømmekontoret i februar 2011. Da vi flytta inn i nye lokalar, tok vi samtidig i bruk IP-telefoni og alle telefonane på kontoret blei skifta ut. Fordelen med det nye systemet er at avtaler som blir registrert i Outlook automatisk blir overført til telefonen som automatiske fråværsmeldingar. Vi har fått positive tilbakemeldingar på omlegginga, som gir brukarane informasjon om når ein tilsett er tilgjengeleg på telefon og ikkje.

Delmål: Ta i bruk ny og meir brukarvennleg versjon av Websak

Målet er ikkje nådd.

Leverandøren av IT-tenester har enda ikkje gjort ny og meir brukarvennleg versjon av Websak tilgjengeleg for bispedømmekontora.

Delmål: Innføre nytt planleggingsverktøy for prostane

Målet er delvis nådd.

Frå og med 01.01.11 har vi innført eit nytt elektronisk planleggingsverktøy for prostane, "Prostemodulen" i datasystemet "Medarbeideren".

Programmet er eit godt arbeidsplanleggingsverktøy for prostane. Dei får betre oversikt over prestane sin ferie og fritid, god styringsinformasjon til planlegging og rapportering. Ikkje alle prostane var aktive brukarar i 2011. Det er kontinuerleg dialog med leverandør for å forbetre systemet i tråd med bispedømmeråda sine behov. Det arbeidet har tatt eit langt steg i riktig retning i løpet av året, og systemet er nå svært funksjonelt. Vi planlegg ny opplæring for prostar og prostesekretærar vinteren 2012, for å legge til rette for at alle prostane kan dra nytte av dette planleggingsverktøyet i framtida.

Endringar i strategiar og tiltak

Vi ser nytten av å ta i bruk nye elektroniske løysningar for å betre servicen for våre brukarar, unngå dobbeltregistreringar og redusere talet på feil. Dette arbeidet vil vi ha fokus på også

kommande år. Våren 2012 vil vi for eksempel ta i bruk elektronske skjema for beredskapsrekningar, via Portalen som tilsette i dag nyttar til å registrere reiserekningar elektronisk.



Biskopen speglar glede ved gode møte bak glassveggane på kontoret sine møterom.

4. Tilstandsrapportering - likestilling

Likestilling i presteskapet

Stavanger bispedømme har følgjande fordeling mellom kvinner og menn i 2011 (stillingar og løn):

Stavanger	Kjønnsbalanse			Løn
	M %	K %	Totalt (N)	K/M %
Totalt 2011	85 %	15 %	101	97,5 %
2010	85 %	15 %	104	97,0 %
Prost 2011	89 %	11 %	9	108,8 %
2010	89 %	11 %	9	110,1 %
Sokneprest 2011	90 %	10 %	72	99,2 %
2010	90 %	10 %	70	101,9 %
Kapellan 2011	50 %	50 %	6	94,8 %
2010	56 %	44 %	9	97,3 %
Prostiprest 2011	67 %	33 %	9	104,6 %
2010	70 %	30 %	10	95,4 %
Seniorprest 2011	100 %	0 %	2	-
2010	100 %	0 %	3	-
Spesialprest 2011	67 %	33 %	3	101,2 %
2010	67 %	33 %	3	101,8 %

Vi har ein liten auke i rett lei for løna til kvinner. Størst skilnad er det for kapellanane. Det kan skuldast at om talet er likt (3 + 3), er dei yngste kapellanane kvinner. Elles ser vi at både blant prostane og prostiprestane ligg kvinnene noko føre mennene. Med unntak av kapellanane legg Stavanger BDR bevisst vekt på ei høgare løn for kvinner enn for menn under elles like vilkår. Men m.o.t. løn for kapellanar er det så stor skilnad i ansiennitet og alder for dei tilsette kvinnene og mennene at lønsnivået enno ikkje er fullt ut utlikna.

M.o.t. auke i kvinndelen i presteskapet viser vi til avsnittet "Kvinner i prestenesta".

Oversikt deltidstilsette, mellombels tilsette, foreldrepermisjon og legemeldt frávær:

	Deltid		Mellombels		Foreldrepermisjon		Legemeldt frávære	
	M %	K %	M %	K %	M %	K %	M %	K %
2011	14 %	29 %	19 %	15 %	100 %	0 %	2,0 %	2,1 %
2010	11 %	39 %	15 %	17 %			1,8 %	4,4 %

Det var berre éin av dei tilsette (mann) som tok ut *foreldrepermisjon* i 2011, totalt 71 kalenderdagar i tre bolkar.

Vi seier oss elles nøgd med at det legemeldte sjukefráveret er så lågt som 2,1 % totalt, men nokre sjukefrávære har vore langvarige. 12 personar har vore sjukemeldte meir enn 16 dagar.

Prostane følgjer opp dei sjukemeldte i tråd med IA-avtalen vår. Totalt var nedgangen i sjukefråveret på 104 dagar. (Sjå elles avsnittet "Gode arbeidsvilkår").

Likestilling på bispedømmekontoret

<i>Stavanger</i>	Kjønnsfordeling			Løn
	M %	K %	Totalt (N)	K/M %
Totalt	50 %	50 %	14	77 %
Leiging	100 %	0 %	4	-
Rådgevarar	43 %	57 %	7	98 %
Konsulentar	0 %	100 %	3	-

I Stavanger bispedømme sin administrasjon har vi ingen kvinner i leiarstilling (likt med Agder & Telemark og Sør-Hålogaland). Dette er noko av grunnen til at kvinnene berre når 77 % av mennene sine løn. (Dette er likt med Bjørgvin, og litt framom Nord- og Sør-Hålogaland). Til utlyst avdelingsleiarstilling i nov. 2011 (blir rapportert 2012) melde det seg berre menn som søkjarar, trass i freistnader på å rekruttere fleire kvinner som søkjarar.

Delen deltidsstillingar, mellombels stillingar og legemeldt sjukefråvere, fordelt på kvinner og menn ved bispedømmekontoret

<i>Stavanger</i>	Deltid		Mellombels		Legemeldt fråvere	
	M %	K %	M %	K %	M %	K %
2011	14 %	14 %	0 %	0 %	0,23 %	3,18 %
2010	14 %	14 %	0 %	0 %	1,35 %	8,01 %

Det legemeldte sjukefråveret har vi rekna ut på bakgrunn av 230 dagsverk pr. år. Stillingsstorleik er multiplisert med sjukefråversprosent. Vi registrerer at både for menn og særleg for kvinner har sjukefråveret gått ned, og totalt er det på det næraste halvert siste året.

Tilsetting av funksjonshemma og av personar med anna etnisitet

Til utlyste stillingar har vi ikkje hatt søkjarar som har vore funksjonshemma.

Av dei totalt 65 søkjarane til stillingar hos oss, var to utlendingar (frå Island). Ingen av dei vant igjennom i tilsettingsrunden ut frå vurderingar gjort på basis av personalreglementet.

5. Sluttord: «Det kunne vore verre!»

Det er på Jæren det uttrykket vert nytta. Og på Jæren bruker ein gjerne negasjonar for å seia noko som er viktig og som er godt!

Det kunne vore verre! Det er trekk ved utviklinga i kyrkja i Rogaland som kan gjera nokon kvar betenkt. Dåpstala utviklar seg negativt. Dåpshandlinga er kanskje den viktigaste skatten kyrkja får lov å dele med menneske. Gjennom dåpens sakrament møter vi Guds opne favn. Som kyrkje. Som folk. Dåpssakramentet er heilt sentralt som nådeshandling i kyrkja. Som sjølve uttrykket for kva som gjer kyrkja naudsynt i eit folk. Og så tek færre imot denne gåva enn før. Å vere kyrkje i ein slik situasjon er som å stå der med favnen full av gode gåver men som fleire og fleire vegrar seg for å ta imot. Skuldast det folk? Skuldast det kyrkja? Eller kva? I det offentlege rom er ikkje dåpen noko tema. Utruleg nok er dåpen svært sjeldant eit tema når kyrkja ytrar seg i det offentlege rommet. Eller i kyrkjelydsblada. Det bobler ikkje nett over av dåpsglede i denne kyrkja. Slik glede treng vi. Og vi treng at kyrkja held fram ein dåpsteologi som gjev ny generasjonar frimod til å gå skritta fram til døpefonten. Saman med sine born. Og sine unge.

Det kunne vore verre! Tala viser at fleire enn på mange år går dei korte skritta frå døpefont til nattverdbord i vår kyrkje! Fleire konfirmantar! Fleire barn og unge! Fleire av dei som slit med spørsmålet om dei er verdige – nok! Og det spørsmålet har halde mange borte frå bordfellesskapet i kyrkja her sør vest i alt for mange år. Men no skjer det noko nytt. Vi ser det, og vi gler oss.

Det kunne vore verre! Det er nok av dei som ynskjer å drive misjon blant mørkhuda og folk av anna tru, berre dei er langt nok borte frå eigen kvardag. Men når dei er våre naboar vert det utfordrande. I Rogaland er det og slike brune tendensar. Men mest av alt er det eit veksande syn for at mangfald ikkje er eit trugsmaal. At vi må læra oss til å leva saman slik at vi ser på mangfald som rikdom. Både kommunar, fylkeskommune, organisasjonar og kyrkje- og livssynssamfunn i Rogaland ynskjer å styrkja dialogarbeidet. Alle møtepunkt og samtaler etter 22.juli 2011 viser at dialog nyttar og er rett veg å gå i dagar som kjem. Også for Den norske kyrkja i Rogaland.

Det kunne vore verre! Talet på kyrkjemedlemmer veks i Stavanger bispedømmet. Men statlege og kommunale ressursar til å drive kyrkja held på ingen måte fylgje med denne veksten. Det er ikkje til å forneakta at dette slit på dei som står i tenesta. Det er sterk motivasjon og mykje pågangsmot som gjera at hjula likevel går rundt. Dei nye ressursane til trusopplæring er gull verdt for dei som har fått dei. Men endå er dei fleste sokna i Stavanger bispedømme utan ny ressurs til trusopplæringa. Det må vera grunn til å vente at noko skal skje i statsbudsjetta framover. Og det snøgt!

Det kunne vore verre! Spør du ein aktiv kyrkjelydsmedlem i Rogaland om kva han eller ho tenkjer om kyrkjelyden sin, møter du stolte og takknemlege menneske. Folk som stiller opp. Folk som vil. Det er den viktigaste ressursen i folkekyrkja her sør vest. Folk som eig i det same oppdraget slik dette er utforma i bispedømmet sin strategi for dagen i dag og morgendagen:

*Vi er sendt
av den treeinige Gud
for å dela evangeliet
om Jesus Kristus i ord og handling*

Stavanger, den 29.02.2012

Erling Pettersen

Stavanger biskop

Terje Fjeldheim

Stavanger bispedømmeråd, leiar

Åge Bognø

Stiftsdirektør

Vedlegg:

Årsplan 2012

Strategi 2011 – 2014